

AVTALT FORSIKRINGSDEKNING

I

FABRIKASJONS- OG ENTREPRISEKONTRAKTAR

Kandidatnr: 279
Veileder: Ola Mestad
Leveringsfrist: 25. april 2003

Til sammen 17863 ord

24.04.03

Innhold

| | | |
|--------------|--|-----------|
| 1 | <u>EMNET</u> | 1 |
| 2 | <u>AVTALT FORSIKRINGSDEKNING UNDER TINGSSKADEFORSIKRINGANE</u> | 6 |
| 2.1 | INNLEIING | 6 |
| 2.2 | KVA VERDIAR SKAL FORSIKRAST UNDER TINGSSKADEFORSIKRINGANE? | 6 |
| 2.2.1 | KONTRAKTSGJENSTANDEN OG KONTRAKTSARBEIDET | 7 |
| 2.2.2 | MATERIALAR | 8 |
| 2.2.3 | OPPSUMMERING | 9 |
| 2.3 | KVEN ER ANSVARLEG FOR Å TEIKNE TINGSSKADEFORSIKRINGANE? | 9 |
| 2.4 | KONTRAKTSKRAV TIL FORSIKRINGSVILKÅRA | 11 |
| 2.4.1 | KRAV TIL DEKNINGSFELTET | 12 |
| 2.4.2 | KRAV TIL REKKEVIDDE I TID | 15 |
| 2.5 | KRAV TIL FORSIKRINGSSUM | 17 |
| 3 | <u>AVTALT FORSIKRINGSDEKNING UNDER ANSVARSFORSIKRINGER</u> | 20 |
| 3.1 | INNLEIING | 20 |
| 3.2 | KVA TYPE ANSVAR SKAL FORSIKRAST UNDER ANSVARSFORSIKRINGER? | 20 |
| 3.3 | KVEN ER ANSVARLEG FOR Å TEIKNE ANSVARSFORSIKRINGER? | 23 |
| 3.4 | KONTRAKTSKRAV TIL FORSIKRINGSVILKÅRA | 24 |
| 3.4.1 | KRAV TIL DEKNINGSFELTET | 24 |
| 3.4.2 | KRAV TIL REKKEVIDDE I TID | 26 |
| 3.5 | KRAV TIL FORSIKRINGSSUM | 27 |
| 4 | <u>MEDFORSIKRING. PARTANE SI STILLING UNDER FORSIKRINGERNE TIL DEN ANDRE PARTEN</u> | 29 |
| 4.1 | INNLEIING | 29 |
| 4.2 | MEDFORSIKRING UNDER TINGSSKADEFORSIKRINGANE | 31 |

| | | |
|------------|---|------------------|
| 4.2.1 | KVEN SKAL VERE MEDFORSIKRA? | 31 |
| 4.2.2 | INNHALDET I TREDJEMANNSRETTANE UNDER TINGSSKADEFORSIKRINGANE | 33 |
| 4.3 | TREDJEMANNSRETTAR UNDER ANSVARSFORSIKRINGANE | 41 |
| 4.3.1 | PERSONAR SOM SKAL HA RETTAR UNDER ANSVARSFORSIKRINGANE | 41 |
| 4.3.2 | INNHALDET I TREDJEMANNSRETTANE UNDER ANSVARSFORSIKRINGANE | 43 |
| 5 | <u>KONSEKVENSAR AV MANGLANDE FORSIKRINGSDEKNING</u> | <u>45</u> |
| 6 | <u>SAMANHENGEN MELLOM FORSIKRINGSPLIKT OG RISIKO OG ANSVAR I DEI ULIKE STANDARDKONTRAKTANE</u> | <u>48</u> |
| 6.1 | INNLEIING | 48 |
| 6.2 | SAMANHENGEN MELLOM RISIKO- OG ANSVARSFORDELING OG FORSIKRINGSPLIKT I NF 92 | 49 |
| 6.2.1 | TAP AV ELLER SKADE PÅ KONTRAKTSGJENSTANDEN FØR LEVERING | 49 |
| 6.2.2 | KNOCK FOR KNOCK – TAPET BLIR DER DET RAMMER | 51 |
| 6.3 | SAMANHENGEN MELLOM RISIKO- OG ANSVARSFORDELING OG FORSIKRINGSPLIKT I NS 3430 | 52 |
| 6.4 | VURDERING | 54 |
| 7 | <u>LITTERATURLISTE</u> | <u>59</u> |

1 Emnet

Tema for oppgåva er kontraktsregulering av forsikringsspørsmålet i entreprise- og fabrikasjonsforhold. Framstillinga vil bli konsentrert om dei to standardkontraktane på desse områda; NS 3430 for entreprise- og NF 92 for fabrikasjonsforhold.

Med entreprisekontraktar forstår eg kontraktsforhold der ein entreprenør som sjølvstendig ervervsdrivande påtek seg utføringa av bygg- og anleggsarbeid på landjorda for ein byggherre. Ein fabrikasjonskontrakt er til samanlikning ein kontrakt mellom partane (selskaps- og leverandørsida) i offshoreforhold om bygging av komponentar til petroleumsverksemda på kontinentalsokkelen. Arbeidet under ei fabrikasjonskontrakt kan bli utført både på land og til sjøs.

Både NS 3430 og NF 92 er utarbeidd og tilpassa av breitt samansette komitéar med representantar for dei berørte partar, organisasjonar og det offentlege, og vil såleis gi uttrykk for ei avveging av dei ulike, motstridande interessene. Standardane er deklaratoriske og vik dermed for annan avtale, og er for øvrig i praksis ”malar” som kan tilpassast det enkelte avtaleforholdet.

Dei to rettsområda har klare fellestrekke. Karakteristisk for både entreprise- og fabrikasjonsforhold er at ytelsen frå entreprenøren/leverandørgruppa skal skje *over tid* og at kontraktane dermed, i større og mindre grad, er langsiktige. Vidare er den samla ytelsen som skal skje gjennomgåande samansett og komplisert; det skal stillast til disposisjon maskiner, utstyr og arbeidskraft, her er ofte mange partar involvert (produsentar, under- og sideentreprenørar m.m.), og til saman vil dette ofte stille store krav til styring og samordning.

Dei nemnde forholda gir ofte betydelege innslag av usikkerheit og risiki , ikkje berre for konsekvensar av eigne og andre sine handlingar, men også ulukker og andre forhold

utanfor partane sin kontroll, herunder natur- og verforhold på land og sjø. Også offentlegrettslege reglar vil innanfor desse områda utgjere eit risikomoment, til dømes ved at nye og kanskje uventa vilkår eller pålegg blir gitt under byggeprosessen, med dei konsekvensane dette kan få for framdrift og kostnader.

På bakgrunn av klare fellestrekk, må arbeidsprosessane i fabrikasjons- og entrepriseforhold nødvendigvis ha mykje til felles, og dei kontraktsmessige reguleringsbehova skulle dermed langt på veg vere like. Det vil imidlertid framgå av den vidare framstillinga at både ansvars- og forsikringsspørsmålet langt på veg er ulikt regulert i NS 3430 og NF 92, og ei problemstilling blir dermed kva som kan vere bakgrunnen for valet av ulike løysingar i dei to standardane. Kan desse vere ”rasjonelle” utslag av dei forskjellane som trass alt eksisterer mellom typiske entreprise- og fabrikasjonsforhold, eller er forskjellane utslag av meir tilfeldige faktorar, og like gjerne kunne hatt andre løysingar? Dette er ei viktig spørsmålsstilling som vil bli drøfta i det følgande.

Fordi samanlikninga er det sentrale i oppgåva, vil eg ikkje drøfte alle sider ved kontraktsreguleringa av forsikringsspørsmålet like grundig. Eg vil konsentrere meg om dei delane av forsikringsreguleringane som svarar til kvarandre, og som det difor er interessant å samanlikne. Forsikringsreguleringar som er heilt særeigne for den enkelte kontrakt, slik som krava i NF 92 sine krav om kaskoforsikring av fartøy og P&I – forsikring, og kravet i NS 3430 om forsikring ved ombyggingsarbeid, vil dermed ikkje bli behandla.

Ved analyse av kontraktsvilkår er det viktig å ha som bakgrunn at reguleringane normalt vil vere utslag av partane sine interesser i kontraktsforholdet. Kontrakten vil dermed berre pålegge forsikringsplikt for ein part dersom dette på ein eller annan måte tener den andre. Partane vil derfor som hovudregel ikkje ha plikt etter kontraktane til å teikne tingsskadeforsikring for eigne gjenstandar. Dette kan illustrerast nærmare gjennom kravet i NS 3430 om prosjektforsikring. Forsikringsplikta er pålagd entreprenøren, som også har risikoen for kontraktsgjenstanden og komponentar i byggeperioden.

Prosjektforsikringa ser dermed umiddelbart ut til først og fremst å kome han til gode.

Byggeren har imidlertid også sterke interesser i at prosjektforsikring blir teikna. I

enkelte tilfelle går risikoen for kontraktsgjenstanden over på han i byggeperioden¹, og han får då nytte av forsikringa gjennom si stilling som medforsikra.² Også som bestiller av kontraktsgjenstanden har byggherren ei klar interesse i at tilfredsstillende forsikring er teikna; blir gjenstanden øydelagd under arbeidet utan at entreprenøren er dekka av forsikring, vil dette ofte kunne føre til økonomiske problem hos entreprenøren. Dette kan få konsekvensar for prosjektet (til dømes i form av forseinking), slik at også byggherren blir ramma.

Framstillinga vil følgje det tradisjonelle forsikringsrettslege skiljet mellom tingsskade- og ansvarsforsikringar, fordi dette er tenleg i forhold til den samanliknande delen av oppgåva. Under dei to hovudpunktta skal eg gjennomgå forsikringsordningane, og sjå korleis dei ulike spørsmål er løyst i NS 3430 og NF 92.

Under begge hovudpunktta vil framstillinga disposisjonsmessig bli knytt til fire undertema. Det første temaet eg ser på, er kontraktskrava til kva verdiar som skal vere forsikra. Det vil framgå at gjenstandane som skal sikrast under tingsskadeforsikringane, langt på veg er dei same under NF 92 som under NS 3430. Når det gjeld ansvarsforsikringane er det imidlertid etter kontraktane forskjell på kva som skal dekkast; NS 3430 krev at entreprenøren sitt mulige erstatningsansvar skal forsikrast, medan kontraktsansvaret skal dekkast under NF 92. Betydninga av skiljet og bakgrunnen for dette ser eg nærmare på i punkt 3.2.

Neste undertema blir kven av partane som under kontraktane er pålagt å sørge for dei ulike forsikringane. Entreprise- og fabrikasjonsstandarden oppstiller motsette utgangspunkt når det gjeld dette spørsmålet. Selskapet har etter NF 92 ansvaret for å teikne byggerisikoforsikring, medan entreprenøren skal sørge for prosjektforsikringa etter NS 3430. Entreprenøren skal i følge denne kontrakten også teikne den påbodne ansvarsforsikringa. Under NF 92 er plikta til å teikne ansvarsforsikring for skadar på tredjemenn delt mellom partane, men likevel slik at selskapet er pålagd den største byrda.

¹ Sjå punkt 6.3

² Sjå kapittel 4

Entreprise- og fabrikasjonskontraktane har altså motsette utgangspunkt med omsyn til kven som skal sørge for teikning av forsikringane. Det kan verke naturleg at entreprenøren teiknar forsikring i kontraktsperioden, sidan det er han som har risikoen for tingene i dette tidsrommet. I NF 92 har partane imidlertid valt den løysinga at byggherren skaffar forsikringane. Eit sentralt hensyn bak valet av ei slik løysing, er at denne i større grad opnar for å kunne samle og dermed ”rasjonalisere” forsikringane for prosjektet som heilskap med dei fordelane dette inneber, også økonomisk. At byrda er lagt på byggherren og ikkje leverandøren, har ei hovudforklaring i at byggersiskoforsikringa skal dekke heile utbyggingsprosjektet med ulike leverandørar, og ikkje berre den einskilde kontrakta. Selskapet vil normalt elles ha heilt andre økonomiske føresetnader for å kunne teikne ei forsikring av eit slikt omfang som byggerisiskoforsikringa enn det den einskilde leverandør vil ha. Dette spørsmålet skal eg sjá nærmare på i punkt 2.3. og 3.3.

Sjølv om begge standardkontraktane medfører plikt til teikning både av visse tingsskade- og ansvarsforsikringar, er det ikkje dermed sagt at desse skal ha same innhald i entreprise- som i fabrikasjonsforhold. For å sikre at forsikringane som blir teikna er av eit visst omfang, stiller kontraktane visse krav til vilkåra i dei ulike forsikringane. Så vel spørsmålet om forsikringane si tidmessige dekning som kva for tap og skadar forsikringane skal dekke, er regulert i standardane. NF 92 forutsett at byggerisiskoforsikringa skal vere ei såkalla ”all risk” – dekning som inneber at den i utgangspunktet skal dekke mot alle skadar på og tap av den forsikra gjenstanden. Sjølv om dette utgangspunktet må modifiserast noko, er kravet til dekningsfeltet i byggersiskoforsikringa likevel vidare enn dei krava NS 3430 oppstiller til prosjektforsikringa. Entreprisekontrakten stiller berre krav om ei ”named perils”-dekning, der visse typar skadar skal dekkast. I kva grad desse ulike utgangspunkta medfører faktiske forskjellar, vil bli gjennomgått nærmare under punkt 2.4.1. Mulige grunnar for dei eksisterande forskjellane vil også bli drøfta. Kontraktskrava til dekningsfeltet for ansvarsforsikringane vil bli framstilt og samanlikna under punkt 3.4.1.

Standardkontraktane stiller i fleire tilfelle krav til minimum forsikringssum for dei forsikringane som skal teiknast. For tingsskadeforsikringane er det berre NS 3430 som klart stiller krav til forsikringssummen. NF 92 stiller ikkje noko uttrykkeleg krav til minimum forsikringssum for byggerisikoforsikring, noko som umiddelbart kan verke påfallande med bakgrunn i den sentrale betydninga forsikringa ofte har for leverandørsida. Under punkt 2.5 blir det reist spørsmål om det likevel må gjelde eit krav til minimum forsikringssum også for byggerisikoforsikringa.

For ansvarsforsikringane stiller begge standardkontraktane presise krav til forsikringssummen. Minimumskravet er imidlertid vesentleg høgre i NF 92 enn i NS 3430. Denne skilnaden, og bakrunnen for den, blir gjennomgått under punkt 3.5.

Framstillinga vil vidare innehalde eit eige kapittel om medforsikring (kapittel 4). Her vil eg for det første sjå på kva for partar som i følgje kontrakta skal ha stilling som medforsikra eller ha andre rettar under dei enkelte forsikringane. Det å vere tilgodesett på ein slik måte under ein forsikringsavtale ein ikkje sjølv er part i, er sjølvsagt eit svært viktig gode for den det gjeld. I mange tilfelle oppstiller preseptorisk lovjeving krav om at visse partar skal ha stilling som medforsikra, nettopp ut frå eit ønske om å verne akkurat desse. Når kontraktane sørger for å gi visse tredjemenn vern under forsikringane, er hovudmotivasjonen derimot ikkje tredjepersonane sitt ve og vel, men kva som på best mulig måte tener partane i kontrakten. Det vil vise seg at kontraktskrava når det gjeld krinsen av medforsikra eller berettiga personar under forsikringane, er svært ulike. Forskjellane blir imidlertid mindre når ein ser reguleringane i lys av bakgrunnsretten.

Når det særskilt gjeld omfanget av vernet dei medforsikra har under dei to kontraktane, vil det vise seg å vere mange likskapar, men også skilnader. Fleire stader i kontraktane har konsipistane valt å tillegge dei aktuelle tredjemennene nærmare bestemte rettar under forsikringane, utan å bruke omgrepet ”medforsikring”. Innhaldet i tredjemannsrettane under forsikringane, enten det dreier seg om medforsikring eller ikkje, er behandla i kapittel 4.

Det er vidare viktig å halde opp som eit utgangspunkt ved den vidare gjennomgangen at reguleringa av forsikringsspørsmåla i dei to kontraktane må sjåast i samanheng med regulering og plassering av *ansvar*, idet dette så og seie blir to sider av same sak. I tillegg til at denne samanhengen vil bli berørt under dei enkelte punkta, blir den gjennomgått særskilt under kapittel 5.

For den vidare gjennomgangen kan det endeleg vere grunn til å ha i minnet at dei to standardane ikkje utan vidare vil gjelde som del av avtalen mellom partane. Dette må i så fall vere avtalt, i praksis ofte i form av ei henvising til vedkommande standard. Ei anna side er at bestemmelsane i standardane også utan avtale vil gjelde så langt dei gir uttrykk for deklaratorisk rett på områda, men ikkje lenger.

2 Avtalt forsikringsdekning under tingsskadeforsikringane

2.1 Innleiing

Kontraktsgjenstanden, materialar og gjenstandar som blir brukt under kontraktsarbeidet vil normalt representere store verdiar både i fabrikasjons- og entrepriseforhold. Det seier seg dermed sjølv at det er viktig for partane å ha forsikringar som dekker mot det økonomiske tapet skade eller øydelegging av desse verdiane kan medføre.

Mange av dei aktuelle forsikringane ville imidlertid partane ha teikna uavhengig av krava i standardkontraktane. Når kontraktane likevel pålegg partane å teikne visse typar forsikringar, er det, som forklart innleiingsvis, direkte eller indirekte for å sikre interessene til den andre parten i kontraktsforholdet. Ein part kan altså i ulike samanhengar dra nytte av at den andre parten er forsikra.

2.2 Kva verdiar skal forsikrast under tingsskadedekningane?

Både NS 3430 og NF 92 stiller krav om at tingsskadeforsikring skal teiknast. NS 3430 pkt 14.1 forpliktar til teikning av forsikring av ”det som til enhver tid er utført av kontraktsarbeidet” samt materialar byggherren har forskotsbetalt eller overlevert til leverandøren. NF 92 oppstiller eit liknande krav i art 31 (a) og (b), som forpliktar til teikning av byggerisiko- og transportforsikring. Desse forsikringane skal dekke ”Kontraktsgjenstanden, Materialer og Selskapets Leveranser ...”

Umiddelbart ser det ut til at kontraktane stiller nokså like krav med omsyn til kva verdiar som skal sikrast ved tingsskadeforsikring. Det kan imidlertid vere grunn til å sjå nærmare på nyansane som finst mellom kontraktane, for å undersøke om desse inneber nokon realitetsforskjell.

2.2.1 Kontraktsgjenstanden og kontraktsarbeidet

NF 92 stiller altså krav om forsikring av ”Kontraktsgjenstanden”, medan NS 3430 krev at ”kontraktsarbeidet” skal forsikrast. Uttrykket ”Kontraktsgjenstanden” er i NF 92 art. 1(j) definert som ”...den gjenstand Leverandøren etter Kontrakten skal levere, samt dens enkelte deler...” Det leverandøren etter kontrakten skal levere, er det ferdige byggverket, som dermed er dekka av forsikringa. Kontrakten bruker imidlertid omgrepet ”Kontraktsgjenstanden” også i ei rekke samanhengar før leveringsdato (sjå til dømes art. 29), og det må følgje av dette at forsikringa dekker byggverket også medan det er under oppføring. Under definisjonen av Kontraktsgjenstanden fell også ”dens enkelte deler...”. Dette må innebere at materialar og delar som enno ikkje er inkorporert, i utgangspunktet blir medrekna. Modifikasjonar kan imidlertid tenkast dersom dei aktuelle gjenstandane fysisk eller tidsmessig befinn seg langt unna kontraktstingen, slik at det ikkje er naturleg å la dei falle inn under omgrepet Kontraktsgjenstanden.

NS 3430 art. 14.1 stiller krav om forsikring av ”det som til enhver tid er utført av kontraktsarbeidet”. Uttrykket ”kontraktsarbeidet” er i NS 3430 art 2.11 definert som ”bygg, arbeid eller anlegg som omfattes av kontrakten mellom byggherre og entreprenør”. Definisjonen er med andre ord nokså vid, men art 14.1 begrensar

forsikringsplikta ved at det berre er det som til ei kvar tid er utført av kontraktsarbeidet som skal forsikrast. Dette må innebere at sjølve byggverket berre er dekka så langt det er oppført; delar av kontraktsgjenstanden som ikkje er inkorporerte må som utgangspunkt falle utanfor etter dette alternativet. Eit tvilsspørsmål kan reise seg i forhold til delar som er produserte for å inngå i hovudgjenstanden, men som enno ikkje er inkorporerte. Det vil då bli ei konkret vurdering om det aktuelle halvfabrikatet oppfyller kriteria for å falle inn under definisjonen av Kontraktsarbeidet.

Det framgår at dei to kontraktane i det vesentlege stiller like krav når det gjeld forsikring av sjølve hovudgjenstanden; byggverket skal vere forsikra både når det er under oppføring og når det er ferdig. Uttrykket Kontraktsgjenstanden i NF 92 rekk imidlertid vidare enn uttrykket Kontraktsarbeidet i NS 3430 ved at det også tek inn under seg materialar og delleveransar som enno ikkje er inkorporerte.

2.2.2 Materialar

I forhold til NF 92 er spørsmålet om materialar fell innunder omgrepene Kontraktsgjenstanden berre av teoretisk interesse, i det materialar uansett skal forsikrast etter art. 31.1 (a) og (b). Som Materialar reknar ein i NF 92 ”ting som trengs til Arbeidet, men ikke Selskapets Leveranser og arbeidsredskaper” (jf. Art. 1(p)). Kontrakten sett ingen grenser med omsyn til kva materialar som er underlagt forsikringsplikt. Så sant det dreier seg om materialar som skal brukast i arbeidet, gjeld altså forsikringsplikta, uansett om dei er leverte, førehandsbetalte eller lagra på ein annan stad enn byggeplassen.

Etter NS 3430 er materialar ikkje omfatta av omgrepene Kontraktsarbeidet. Visse typar materialar er imidlertid gjenstand for eit sjølvstendig krav om forsikringsdekning; dette gjeld materialar byggherren har betalt forskot for eller som er overgitt til entreprenøren frå byggherren. Kontrakten stiller altså ikkje generelt krav om forsikring av alle materialar slik NF 92 gjer. NF 92 oppstiller også eit uttrykkeleg krav om forsikring av leveransar frå selskapet. Forsikringsplikta gjeld for alle typer leveransar, men det mest praktiske må vere materialleveransar som også skal forsikrast etter NS 3430 art 14.1.

2.2.3 Oppsummering

Sjølv om det har kome litt ulikt til uttrykk, har plikta til å teikne tingsskadeforsikring nokså likt innhald i dei to kontraktane. Plikta til å forsikre materialar er imidlertid vidare etter NF 92 enn det som følgjer av NS 3430.

Det som fell utanfor forsikringskravet i NS 3430, er materialar som enno ikkje er inkorporert, og som byggherren ikkje har levert eller førehandsbetalt; altså i praksis materialar entreprenøren skaffar sjølv. Vanlegvis vil entreprenøren likevel ha ei forsikring som dekker dette. Grunnen til at kontrakten ikkje krev slik dekning, er truleg at desse materialane er entreprenøren sine eigne ting, og at det vanlegvis ikkje går ut over byggherren om desse blir skada. Materialar som byggherren har skaffa eller betalt, har han sikra seg forsikringsdekning for gjennom standardkontrakta.

Bakgrunnen for at byggeriskoforsikringa dekker både selskapet og leverandøren sine materialar, må vere at dette er ei langt meir omfattande dekning enn prosjektforsikringa under NS 3430. Sjølv om det er selskapssida som teiknar den, er byggeriskoforsikringa meint å skulle utgjere grunnstammen også i leverandøren si tingsskadedekning.

2.3 Kven er ansvarleg for å teikne tingsskadeforsikringane?

NS 3430 art 14.1 pålegg entreprenøren å sørge for teikning av tingsskadeforsikring for prosjektet, ofte kalla prosjektforsikring. I NF 92 er det selskapssida som skal teikne byggeriskoforsikringa, som er den tilsvarande forsikringa i fabrikasjonsforhold. Standardkontraktane har altså ulike løysingar når det gjeld kven av partane som er pålagde forsikringsplikta. Det er interessant at dei to kontraktane innanfor så vidt like rettsområder, har motsette utgangspunkt på dette punktet.

Bakgrunnen for at entreprenøren er pålagd forsikringsplikta i NS 3430, blir sagt å vere kontraktsbestemmelsane om risikofordeling³. Entreprenøren sit med risikoen for arbeidet fram til levering, jf pkt 15.1 og 30.7, og er også pålagd å halde verdiane forsikra fram til dette tidspunktet. Bakgrunnen for forsikringsplika er å sikre at entreprenøren har økonomisk evne til å bere ansvaret kontrakta pålegg han. Samanhengen mellom ansvarsfordeling og risikoplikt kjem eg nærmare inn på i kapittel 6.

At selskapet åleine er pålagd å teikne byggerisikoforsikring etter NF 92, er begrunna i forsikringsmessige rasjonaliseringshensyn. For at forsikringsdekning samla sett skal bli så rimeleg som mogeleg, har ein i fabrikasjonsforhold ønska å samle mange ulike dekningar under ei stor forsikring. At forsikringsplikta er samla på ei hand gjer forsikringa billigare samla sett, ved at ein lettare unngår dobbeldekning, og lettare kan plassere risiko under dei billigaste dekningane (tingsskadedekningane). Ei stor forsikring i motsetning til fleire små vil også gi økonomisk gevinst i form av ein viss ”kvantumsrabatt” frå forsikringsselskapet. I tillegg vil samling av forsikringane føre til forenkling og betre oversikt for alle partar, dermed i større grad sikre mot at det oppstår utegløymingar og dermed manglar i forsikringsdekningane.

Plikta til å teikne byggerisikoforsikringa er pålagt selskapet og ikkje leverandøren, fordi det er selskapet som koordinerer heile fabrikasjonsprosjektet. Leverandøren i det enkelte kontraktsforhold er vanlegvis berre ein av mange leverandørar selskapet bruker. Ei anna sak er at det ofte berre er selskapet som vil ha sterkt nok økonomi til å kunne teikne ei så omfattande forsikring.

Grunnen til at entreprenøren i NS 3430 er pålagd å teikne prosjektforsikringa må, som eg har vore inne på, vere risikofordelinga i kontrakta. Det er imidlertid ikkje opplagt at forsikringsplikta nødvendigvis må ligge hos den som har risikoen. Jan-Einar Barbo har tatt til orde for at forsikringsplikta, også i vanlege entreprisekontraktar, burde ligge hos byggherren.⁴ Som grunnlag viser Barbo til internasjonal kontraktspraksis som illustrerer

³ Barbo s.19

⁴ Barbo s. 19-22

at begge prinsipp er fullt bruukelege. Han meiner den mest tenlege løysinga er at byggherren står for prosjektforsikringa også i landentreprisekontraktane, fordi ein på denne måten kan oppnå ei mest mulig rasjonell forsikringsdekning; ein kan lettare unngå dobbelforsikring og manglande forsikringsdekning. Han bruker altså dei same argumenta ligg bak løysinga i NF 92. Barbo påpeiker vidare at det uansett vil vere byggherren som betaler forsikringane i siste instans; forskjellen er berre at han etter den eksisterande ordninga betaler den gjennom vederlaget i staden for gjennom premien direkte. Eit moment her er dessutan at betaling gjennom vederlaget samla sett blir dyrare for byggherren, fordi han då må betale meirverdiavgift av premien.

Argumentasjonen til Barbo har mykje for seg, og det finst også fleire argument som talar for å legge forsikringsplikta på byggherren under NS 3430. Byggherren må uansett forsikre kontraktsgjenstanden etter levering. Arbeidet bli ofte overtatt til ulik tid, og etter systemet i NS 3430 må byggherren då teikne forsikring for dei ulike delane etterkvart som han overtek desse. Denne løysinga er ikkje særleg rasjonell. Ved å flytte forsikringsplikta over på byggherren i NS 3430, ville ein unngå dette ”overføringsproblemet”. Rasjonaliseringseffekten ein ville få ved å flytte forsikringsplikta over på byggherren ville imidlertid neppe bli like stor som den ein oppnår i fabrikasjonsforhold, fordi entrepriser oftast er av ein langt mindre størrelse og kompleksitet. Hensiktsmessiheita av kontraktsreguleringane på dette punktet blir nærmare drøfta avslutningsvis under kapittel 6.

Reint kostnadsmessig har det altså ikkje så mykje å seie kva part som er ansvarleg for å teikne forsikringane, i det byggherren uansett må bere dei endelige forsikringskostnadane gjennom kontraktsprisen. Sjølv om det vil vere ei byrde for entreprenøren å måtte dekke desse kostnadane i første omgang, er dette truleg eit underordna moment. Ein viktig verknad av plikta til å teikne forsikring er imidlertid mislighaldssanksjonane som inntrer dersom plikta ikkje blir oppfylt. Dette er nærmare behandla under kapittel 5.

2.4 Kontraktskrav til forsikringsvilkåra

I dette avsnittet er spørsmålet kva krav kontraktane stiller til forsikringsvilkåra, herunder krava til dekningsfeltet og tidsrommet forsikringane skal gjelde for. Standardkontraktane inneholder lite detaljregulering rundt dette, og spørsmålet blir langt på veg regulert i forsikringsvilkåra. For å få eit bilde av forsikringspraksis, skal eg sjå på dei vanlegaste vilkåra i dei to bransjene.

2.4.1 Krav til dekningsfeltet

NS 3430 art. 14.1 slår fast at prosjektforsikringa skal omfatte ”skade, herunder brannskade, vannskade og hærverk samt tyveri...”. For å kunne seie noko om kva dette kravet inneber, må ein tolke bestemmelsen. Både Kolrud og Barbo meiner bestemmelsen etter sin ordlyd stiller krav om ei alminneleg skadeforsikring som i utgangspunktet skal dekke all skade.⁵ Medan Kolrud ser ut til å meine at kravet må tolkast innskrenkande på bakgrunn av dei opplista skadeårsakene, hevdar Barbo at NS 3430 stiller krav om ei ”all risk”-forsikring, og at oppramsinga av dei konkrete skadeårsakane berre er meint som eksempel.⁶ Det einaste som etter hans syn modifiserer kravet, er dei faktiske mulighetene for å få teikna slik forsikring i marknaden.

At pkt. 14.1 skal innebere krav om ei ”all risk”-forsikring, samsvarar etter mitt syn därleg med oppramsinga av skadeårsakene som skal dekkast. Ei meir naturleg utforming av krav til ei slik dekning, hadde vore å sagt at ”alle skadar med unntak for ... skal vere dekka”. Når bestemmelsen listar opp fleire praktisk viktige skadetypar som skal dekkast, tyder dette på at det dreier seg om ei begrensa skadedefektning. Eiusdem generis-regelen talar for ei slik tolking.⁷ Denne er meint for tilfelle der ein generell bestemmelse er illustrert med konkrete døme. I følge prinsippet skal ordlyden i bestemmelsen tolkast innskrenkande på bakgrunn av dei gitte eksemplene.

⁵ Kolrud s. 122, Barbo s. 27

⁶ Barbo s. 27

⁷ Hov, Avtaleslutning s. 153-154

På denne bakgrunn må det truleg vere rett å lese bestemmelsen i art. 14.1 som eit krav til ei begrensa skadedyrekning. I tillegg til dei opprampa skadetypane (brannskade, vannskade, hærverk og tjuveri), må bestemmelsen medføre krav om dekning mot skadetypar av liknande karakter. I følgje lov om naturskadeforsikring 1989 nr. 70 § 1, er også naturskadar dekka gjennom brannskadeforsikringa.

Sjølv om NS 3430 ikkje stiller krav om ”all risk”-dekning, krev den likevel dekning mot ei betydeleg mengde skadar som kan tenkjast å oppstå. Vilkårssettet PRO1-6 er IF sine vanlege forsikringsvilkår for prosjektforsikringar i entrepriseforhold, og illustrerar kva skadetypar som i praksis vil vere dekka. Utgangspunktet når det gjeld dekningsomfanget er i følgje punkt A.1 at plutselige og uforutsette skadar som rammar dei forsikra gjenstandane, skal dekkast. Forsikringa er altså i utgangspunktet utforma som ei ”all risk”-dekning. Vilkåra inneholder imidlertid betydelege unntak, mellom anna for skade grunna materialfeil, setningar i grunn og svikt i fundament. Forsikringa dekker heller ikkje underslag og svinn. Truleg er desse unntaka uproblematiske i forhold til art. 14.1, fordi desse tapstypene ikkje er av same karakter som dei opprampa skadetypane i bestemmelsen. Heller ikkje unntaket ved brot på sikkerheitsforskrifter i A.3 kan vere i strid med kontraktskravet.

Byggeriskoforsikringa skal etter NF 92 art 31.1 (a) dekke mot ”fysisk tap eller skade i samsvar med forsikringsvilkårene”. Samanlikna med NS 3430 som berre pålegg dekning av skade, kan ein reise spørsmål om den uttrykkelege presiseringa av at også tap skal dekkast, inneber eit strengare krav til dekningsfeltet etter NF 92. Forskjellen blir imidlertid mindre dersom ein bruker den engelske versjonen av NF 92 som tolkingsmoment. Både NF 92 og NS 3430 må tolkast slik at dei ikkje berre krev dekning av skadar i snever forstand, men også totaltap. Ei motsett løysing ville vere absurd, sidan det ved totaltap er aller viktigast at gjenstanden er forsikra.

NF 92 art 31.1 (a) og (b) krev altså som utgangspunkt at byggeriskoforsikringa skal dekke ”mot fysisk tap eller skade...”. Formuleringa er generell og medfører etter ordlyden eit krav om ”all risk”-forsikring som i utgangspunktet skal dekke mot alle typar skader. Kontraktsbestemmelsen forutsett imidlertid at ei nærmare regulering av dekningsfeltet skal vere fastsett i forsikringsvilkåra i vedlegg I som blir presentert for

leverandøren ved kontraktsinngåinga. Meininga er at vedlegget skal presisere kontraktskrava på dette punktet; motstridsbestemmelsen i art. 2.3 inneber at partane gjennom vedlegget verken kan påleggast større eller mindre byrder enn angitt i hovuddokumentet. Innanfor dei kontraktsfastsette grensene i NF 92 står partane i forsikringsavtalen altså fritt til å avtale innhaldet i vilkåra.

Når NF 92 gjeld i forholdet mellom partane, inneber standardkontrakten grenser for avtalefridomen i forsikringsforholdet. Hovudspørsmålet er kor omfattande begrensningar ein kan godta i dekningsfeltet før reguleringa kjem i strid med standardkontrakta. Ordlyden i standarden, ”mot fysisk tap eller skade”, er svært generell. Det kan imidlertid ikkje vere meininga at forsikringa skal dekke mot alle tap og skadar uavhengig av årsak. Slik dekning vil i praksis ikkje vere mulig å skaffe i marknaden.

Truleg må ein godta avgrensingar i farefeltet som er vanlege i vilkår for denne type forsikring. Eg har i denne samanheng sett på Gullfaks A-vilkåra (GAV) og London Offshore Construction Clauses 85-2 (LOCC), to litt eldre vilkårssett som framleis illustrerer praksis på området.⁸ Villkårssetta har mange fellestrek. Begge er som utgangspunkt ”all risks”-forsikringar, men dei inneheld nokså omfattande unntak.

Verken GAV eller LOCC 85-2 dekker skadar og tap som følgjer av krig og krigslikt handlingar. Skadar og tap som følgjer av materialfeil eller av at kontraktsgjentanden er feilplassert, er også unntatt frå dekningsfeltet under begge vilkårssetta.

NF 92 og NS 3430 har altså ulike utgangspunkt når det gjeld krava til dekningsfeltet for forsikringane. Fabrikasjonskontrakten stiller i utgangspunktet krav om ei ”all risk”-dekning, medan entreprisestandarden berre stiller krav om at bestemte skadetypar skal dekkast. Utgangspunkta er imidlertid ikkje nødvendigvis bestemmande for kor store forskjellane blir i praksis.

⁸ Olje og Gass i Norden nr. 4

Sjølv om NS 3430 berre stiller krav om ei begrensa skadedykning, nemner den dei viktigaste skadetypane som kan tenkast å inntrefte. Kravet til ”all risk”-dekning i typiske fabrikasjonsforhold er som vi har sett underlagt vesentlege begrensningar. Slik sett er det ikkje så stor forskjell mellom krava til dekningsfeltet i dei to kontraktane. Det vil likevel alltid vere ein viktig forskjell på ei ”named perils”- og ei ”all risk”-dekning; den sist nemnde forsikringa vil dekke skadar som partane ikkje hadde tenkt på då dei inngikk avtalen, og slik sett gir ei ”all risks”-forsikring likevel størst tryggleik.

Det kan vere ulike grunnar til at fabrikasjonskontrakten har strengare krav til dekningsfeltet enn entreprisestandarden har. Ei begrensa skadedykning vil for det første vere billegare enn ei ”all risks”-forsikring. Det er truleg mindre behov for ”all risk”-forsikringar etter NS 3430 enn etter NF 92 fordi det normalt vil vere mindre risiko ved bygging på land enn til sjøs. Det er også kanskje lettare å sjå for seg mogelege farar som kan oppstå i eit vanleg entrepriseforhold enn i eit større og meir komplekst fabrikasjonsforhold. Verdiane som er omfatta er også vanlegvis større i fabrikasjons- enn i entrepriseforhold.

Til tross for at fabrikasjons- og entreprisekontraktane har ulike utgangspunkt når det gjeld krav til dekningsfeltet, er vilkårssetta på begge områda som utgangspunkt ”all risks”-dekninga. PRO1-6 gir på denne måten ei ”betre” dekning enn entreprenøren er pliktig til å teikne etter NS 3430.

2.4.2 Krav til rekkevidde i tid

Så vel NF 92 som NS 3430 stiller krav til tingsskadeforsikringane si rekkevidde i tid. Etter NF 92 art. 31.1, 2. ledd skal selskapet sine forsikringar ”vere i kraft når Arbeidet blir påbegynt og skal ikke utløpe før ved utstedelsen av Godkjennelsesattesten”. Dette inneber i praksis eit krav om at forsikringane skal vere i kraft ved underteikning av kontrakten.⁹ Forsikringa skal gjelde heilt fram til utsteding av Godkjenningsattesten, det

⁹ Kaasen s. 718

vil seie til arbeid under kontrakten inkludert garantiarbeid er fullført (jf. art. 1(h) og art. 23.5).

Punkt 14.1, 1.ledd i NS 3430 slår fast at forsikringa må dekke ”inntil hele kontraktsarbeidet er overtatt av byggherren”. Bestemmelsen reflekterer risikofordelinga i kontrakta, jf. pkt. 15.1, og inneber at entreprenøren ved forseinking av arbeidet må sørge for forlenging av forsikringa, uavhengig av kven som er skuld i den auka tidsbruken. Er det forhold på byggherren si side som er årsak til kontraktsbrotet, kan imidlertid entreprenøren kreve dekka auka utgifter til forsikringspremie.¹⁰

Det er imidlertid grunn til å påpeike at krava til tidsmessig rekkevidde i NS 3430 berre gjeld den enkelte prosjektforsikringa og ikkje forsikringsdekninga for byggeprosjektet som heilskap. Kvar enkelt prosjektforsikring skal gjelde fram til overtakinga av arbeidet under den enkelte kontrakt. Byggherren engasjerar ofte mange ulike entreprenørar til å utføre kvar sine delar av det samla prosjektet; ein entreprenør skal foreta utgravingar, ein annan sett opp grunnmur, medan ein tredje part skal sette opp veggar. Desse delane vil ofte måtte overtakast på ulike tidspunkt. Dette byr på problem for byggherren som sjølv skal halde med forsikring etter overtakinga. Sidan overtakinga av prosjektet ikkje skjer samla, må byggherren forsikre ein og ein del etter kvart som han overtek dei, noko som lett kan føre til hol i forsikringsdekninga. Dersom han vil sikre seg mot dette, kan han velje å forsikre heile prosjektet samla før han har overteke det. Dette vil imidlertid innebere delvis dobbeldekning.

Det er grunn til å merke seg at NS 3430 berre regulerer tidspunktet då forsikringa tidlegast kan opphøyre, og ikkje når den seinast må vere i kraft. Mykje talar imidlertid for at utgangspunktet er det same som etter NF 92, slik at forsikringsplikta inntrer frå kontraktsinngåinga. Eit tolkingsmoment som trekk i denne retninga ligg i presiseringa i pkt. 14.1 av gjenstanden for forsikringsplikta. Entreprenøren skal forsikre ”det som til enhver tid er utført av kontraktsarbeidet...”. Denne formuleringa tyder på ein føresetnad om at forsikringsplikta i alle fall skal gjelde når arbeidet tek til. Sidan også visse typar materialar skal forsikrast, må ein truleg forstå bestemmelsen slik at forsikringsplikta

¹⁰ Kolrud s. 122-123

inntrer så snart kontrakta er inngått, sjølv om byggearbeidet ikkje er påbegynt. Ein må dermed anta at forsikringsplikta for tingsskadar inntrer samtidig etter begge kontraktane.

Forsikringsplikta opphører ved overtaking etter NS 3430, og utsteding av godkjenningsattest etter NF 92. Denne nyansen medfører ein vesentleg forskjell. Godkjenningsattest skal etter NF 92 art. 23.5 utstedast når ”Arbeidet inklusive garantiarbeider er fullført”. Dette kan ikkje slåast fast før garantiperioden er ute, som tidlegast vil vere to år etter oppretting av leveringsprotokoll eller overtaking av gjenstanden, jf. art. 23.2. Medan forsikringsplikta til entreprenøren etter NS 3430 opphører ved overtaking av kontraktsgjenstanden, strekk forsikringsplikta til selskapet seg altså mykje lenger fram i tid. Dette får imidlertid ikkje så store konsekvensar for selskapet, fordi det uansett må sørge for forsikring av gjenstanden etter overtakinga.

2.5 Krav til forsikringssum

Enkelte stader i kontraktane er det tatt inn uttrykkelege bestemmelser om minimum forsikringssum. Hensyna som ligg bak ei slik regulering er langt på veg dei same som begrunnar kontroll med forsikringsdekninga til partane i utgangspunktet; føremålet er å sikre at forsikringsutbetalinga blir stor nok til å dekke tapet til dei sikra.

I NS 3430 art 14.1 heiter det at prosjektforsikringa skal teiknast for eit beløp som tilsvarer det det vil koste å sette kontraktsarbeidet i same stand som før skaden. Det er med andre ord gjenskaffingsverdien som skal erstattast. Sidan kontraktsarbeidet i denne samanheng alltid vil vere eit nytt byggverk, er det ikkje aktuelt å gjere frådrag for slitasje og elde. I praksis må regelen innebere eit krav om at forsikringssummen er stor nok til å dekke gjenskaffingsverdien av kontraktsarbeidet når det er ferdig. Ein vil jo aldri på førehand vite om ein skade vil inntrefje tidleg eller seint i kontraktsperioden. Bestemmelsen gjeld uttrykkeleg berre kontraktsgjenstanden, men må forståast slik at også materialar skal forsikrast for gjenskaffingsverdien.

Barbo hevder at entreprenøren, for å vere sikker på å oppfylle kontraktskravet på dette punktet, må teikne forsikring på fullverdivilkår.¹¹ Det er lett å følgje Barbo i at fullverdiforsikring vil sikre entreprenøren på dette punkt, men derimot ikkje at slik forsikring er einaste måten å oppfylle plikta på. Dersom entreprenøren teiknar forsikring for ein tilstrekkeleg høg sum, må kontraktsplikta også kunne oppfyllast på denne måten.

Pkt 14.1, 2.ledd, 2.punktum slår fast at forsikringsvilkåra ikkje skal innehalde klausular om underforsikring. Underforsikring betyr at tingene blir forsikra for eit beløp som er lavare enn den reelle verdien av tingene, og kan forekomme enten fordi forsikringstakaren ikkje er klar over kva tingene verkeleg er verd eller fordi han bevisst teiknar ein for lav forsikringssum for at premien skal bli billigare. Når ein ting er underforsikra og skade inntraff, er det vanleg at skadeutbetalinga blir forholdsmessig redusert. Dersom ein ting til dømes er verd kr 100.000 men berre er forsikra for kr 75.000, blir utbetalinga på 75%. Formuleringa i punkt 14.1 må truleg forståast slik at den ikkje inneber noko forbod mot å teikne forsikring for ein lavare sum enn forsikringsverdien. Meininga med bestemmelsen må vere å hindre avtalar som opnar for forholdsmessig reduksjon av forsikringsutbetalinga fordi den totale forsikringssummen er for lav.¹²

Forbodet mot underforsikringsklausular kan oppfyllast av entreprenøren på ulike måtar. Han kan få forsikringsselskapet til å gå med på at forholdsmessig reduksjon av utbetalinga ikkje skal skje sjølv om forsikringssummen er for lav (førsterisikoforsikring). Underforsikring kan elles unngåast gjennom forsikring på fullverdivilkår som inneber at forsikringsselskapet påtek seg å sørge for at forsikringssummen til ei kvar tid dekker forsikringsverdien.¹³

Kravet i NS 3430 til forsikringssummen for prosjektforsikringa har vore vanskeleg å oppfylle i den eksisterande forsikringsmarknaden. Eit døme på det därlege samsvaret mellom kontraktskravet og tilbodet i marknaden finn ein i PRO1-6 pkt. D.3.1 som

¹¹ Barbo s. 47

¹² Kolrud s. 123-124

¹³ Barbo s. 47-48, Kolrud s. 123-124

netttopp innehold ein klausul om underforsikring. Vilkåret medfører at dersom forsikringssummen er mindre enn gjenoppføringsprisen, skal berre ein forholdsmessig del av skaden erstattast av forsikringsselskapet. Både dette og andre forsikringsvilkår kan imidlertid sjølv sagt vere gjenstand for individuelle forhandlingar mellom partane.

NF 92 oppstiller ikkje tilsvarende krav til forsikringssummen i byggersiskoforsikringa. Kontrakten krev berre at dei aktuelle gjenstandane skal forsikrast mot ”fysisk tap eller skade i samsvar med forsikringsvilkåra”. Partane kan sjølv sagt ta inn bestemmelser om minimum forsikringssum i vilkåra i den enkelte kontrakt. Spørsmålet er imidlertid om NF 92, sjølv om det ikkje er sagt uttrykkeleg, likevel inneholder krav til forsikringssummen.

Kontrakten stiller krav om teikning av byggerisikoforsikring, og dette må i alle fall innebere at forsikringa skal teiknast for ein sum som er høg nok til at forsikringa blir reell. Ei byggerisikoforsikring er per definisjon ei svært omfattande forsikring. Sidan byggersiskoforsikringa skal dekke alle forhold innanfor fabrikasjonsprosjektet, og dermed normalt vil vere ei mykje meir omfattande forsikring enn den som krevst etter NS 3430, må forsikringssummen tilsvarende bli vesentleg høgre enn i vanlege entrepriseforhold. Truleg må forsikringa dekke gjenskaffingsverdien av heile kontraktsgjenstanden når den er ferdig.

Dersom begge standardkontraktane krev at prosjekt- og byggerisikoforsikringa skal dekke gjenskaffingsverdien av dei forsikra gjenstandane, vil dette bety eit vesentleg større krav til forsikringssummen i fabrikasjonskontraktar. Byggersiskoforsikringa skal dekke heile fabrikasjonsprosjektet, medan prosjektforsikringa under NS 3430 berre skal dekke arbeidet til den enkelte entreprenør under prosjektet.

Fordi bestemmelsane i NF 92 om forsikring er utarbeidd i samarbeid med forsikringsselskapene, er forsikringsreguleringa på området i stor grad tilpassa behovet til partane, slik at det er mulig å få teikna forsikringar med slikt omfang som kontrakta krev. Offshoreforsikringar blir for øvrig gjerne teikna i den internasjonale marknaden.

3 Avtalt forsikringsdekning under ansvarsforsikringane

3.1 Innleiing

Under utføring av byggeprosjekt som er regulert gjennom NF 92 og NS 3430, vil det alltid vere risiko for at partane, og då særleg entreprenøren, kan pådra seg ansvar for person-og tingsskadar. Forsikring mot slikt ansvar er sentralt både for den potensielle skadenvoldar og den som kan bli skadelidande. Når kontrakten pålegg ein part å ta ut ansvarsforsikring, er hovudgrunnen som tidlagare nemnt likevel ikkje verken skadenvolder eller skadelidte sitt ve og vel, men snarare at den andre parten i kontraktsforholdet har interesse i at ansvarsforsikring blir teikna.

3.2 Kva type ansvar skal forsikrast under ansvarsforsikringane?

Både NF 92 og NS 3430 stiller krav om at ansvarsforsikring skal teiknast, men det ansvaret som skal sikrast under dei to kontraktane, er imidlertid av ulik karakter.

NS 3430 art. 14.2 bestemmer at entreprenøren skal sørge for å forsikre sitt eige og underentreprenørane sitt mogelege erstatningsansvar overfor tredjemenn eller byggherren for skade på både personar og ting. Forsikringsplikt for ansvar overfor byggherren let seg lett begrunne ut frå hans opplagte interesse i å få sine eventuelle erstatningskrav dekka. Det kan verke meir påfallande at kontrakten også krev forsikring av entreprenøren sitt ansvar overfor tredjemenn. Når entreprenøren også er pålagd slikt ansvar overfor tredjemenn, er bakgrunnen at byggherren i enkelte tilfelle kan risikere å få slike tredjemannskrav retta mot seg dersom entreprenøren ikkje kan gjere opp for seg. Byggherre og entreprenør kan eksempelvis bli solidarisk ansvarlege overfor ein tredjemann, til dømes dersom byggherren pådreg seg culpa-ansvar ved deltaking i byggeprosjektet, og i slike tilfeller kan det vere viktig for byggherren at entreprenøren er forsikra slik at han kan dekke kravet.

NF 92 stiller i art. 31 krav om at så vel selskapet som leverandøren skal teikne forsikring for sitt ansvar etter art 30.3. Desse bestemmelsane pålegg partane ansvar for tap og skadar påført tredjemenn, det vil seie personar som verken hører under selskaps- eller leverandørgruppa. Omgrepene Selskaps- og Leverandørgruppa er definert i art 1 (m) og (u), og kort uttrykt er systemet slik at leverandøren og alle som er under han i kontraktshierarkiet, hører med i leverandørgruppa. Selskapsgruppa omfattar alle dei andre involverte i kontraktsforholdet, herunder selskapet, operatøren, alle andre av selskapet sine leverandørar og alle selskap som er tilknytt selskapsgruppa. Det vil altså berre vere personar som står heilt utanfor kontraktsforholdet som blir rekna som tredjemenn.

Fordelinga av tredjemannsansvar er kort sagt slik at leverandøren i utgangspunktet må dekke kostnadane, men likevel slik at selskapet må betale det overskytande dersom kostnadane overstig visse fastsette grenser, vanlegvis kr 2.000.000. Selskapet vil dermed måtte dekke store skadar og ulykker, medan leverandøren har ansvar for dei relativt sett billige, men til gjengjeld meir vanlege ”småskadene”.

Når partane gjennom kontrakten har sikra seg at begge skal forsikre sitt ansvar, er dette først og fremst med tanke på eventuelle regressoppgjer dei imellom. Sjølv om partane har avtalt deling av tredjemannsansvaret seg imellom, er dette ikkje bindande for tredjemann. Han kan gå på den han vil av partane så langt han har grunnlag i alminneleg erstatningsrett. Dersom tredjemann går på selskapet med eit krav som etter det underliggende kontraktsforhold skal dekkast av leverandøren, må selskapet likevel i første omgang betale tredjemannskravet. Selskapet kan imidlertid seinare kreve regress frå leverandøren, og i denne omgangen er det i selskapet si interesse at leverandøren er forsikra, slik at selskapet kan få det ein har krav på i regressomgangen.

I tillegg til å forsikre sin del av tredjemannsansvaret, skal leverandøren i følgje art 31.2 (d) sørge for personforsikring for personar innanfor leverandørgruppa. Dette er i praksis eit krav om arbeidstakarforsikring. Det kan umiddelbart verke merkeleg at kontrakten pålegg leverandøren å forsikre sitt ansvar overfor eigne arbeidstakrarar, sidan forholdet etter standarden er hans eigen risiko. Grunnen må vere at tilsette hos leverandøren i visse tilfeller kan rette eit krav både mot selskapet og leverandøren etter alminneleg

erstatningsrett. Vedkommande tredjemann kan som eg har vore inne på rette kravet mot den han vil av partane, uavhengig av den kontraktsmessige ansvarsfordelinga. Selskapet har dermed interesse i at leverandøren er forsikra, slik at han sjølv kan dekke krav frå personar innan leverandørgruppa.

Det er verdt å merke at NF 92 ikkje pålegg selskapet noko tilsvarende plikt til å teikne personforsikring for sine tilsette. Grunnen til denne forskjellen må vere at problemstillinga er langt mindre aktuell på selskapssida; det vil i det alt vesentlege vere entreprenøren sine tilsette som er involvert i byggearbeidet, og som dermed er eksponert for eventuelle skadar. Sett frå leverandøren si side har det dermed liten eller inga betydning om selskapet har teikna personforsikring for eigne tilsette.

Ein viktig forskjell mellom dei to standardkontraktane er at ansvaret som skal forsikrast er av ulik karakter. NS 3430 krev forsikring av entreprenøren sitt mulige erstatningsansvar overfor byggherren eller andre. Kontrakten siktar her til det tradisjonelle skadeerstatningsansvaret utanfor kontrakt. Etter NF 92 er det derimot eit særskilt kontraktsbestemt ansvar som er gjenstand for forsikringsplikt. Tredjemann kan sjølvsagt reise krav mot partane etter alminneleg erstatningsrett, men dette tapet skal då i etterkant fordelast mellom partane etter ansvarsreglane i kontrakta.

Medan det tradisjonelle erstatningsansvaret forutset både ansvarsgrunnlag, adekvans og årsakssamanheng, er ansvarsfordelinga under NF 92 ikkje avhengig av nokon av desse grunnlaga. Ansvaret i fabrikasjonskontrakten er fordelt på reint objektivt grunnlag, og bryt dermed radikalt med den alminnelege erstatningsretten. Løysinga er imidlertid valt mellom anna fordi den gir god forutsigbarheit for partane, og gjer det dermed lettare å oppnå rasjonelle forsikringsdekningar.

Det ansvaret som skal sikrast, er også i ein annan samanheng ulikt etter dei to standardkontraktane. NS 3430 krev at både ansvar overfor tredjemann og byggherren skal forsikrast. NF 92 fastsett imidlertid kun plikt til å teikne ansvarsforsikring for tredjemannsansvar, og dermed ikkje for ansvar overfor den andre kontraktsparten.

Grunnen til dette følger av ansvarsfordelinga i kontrakta. Knock for knock – prinsippet i NF 92 medfører at alt tap blir i den risikosona det rammar. Selskapet må altså eksempelvis sjølv dekke tap ved skade på eigne tilsette og eigne ting. Frå eit kontraktsmessig synspunkt blir slike skadar selskapet sitt eige problem. NS 3430 har inga ansvarsfordeling som svarar til knock for knock-prinsippet. Partane kan derfor gå til alminneleg erstatningssøksmål mot kvarandre dersom den eine har valda skade på motparten sine ting eller tilsette. Dette er bakgrunnen for at entreprenøren etter NS 3430 er pålagd å teikne forsikring for ansvar han kan pådra seg, ikkje berre overfor tredjemenn, men også overfor byggherren.

NF 92 art. 31 pålegg altså partane forsikringsplikt for tredjemannsansvaret vedkommande part skal dekke etter kontrakta. Bestemmelsen illustrerer ein viktig funksjon av forsikringsreguleringa i kontrakten, som er å opprethalde den avtalte ansvarsfordelinga. Denne gjennomførte samanhengen mellom ansvar og forsikring er spesiell for fabrikasjonsforhold, og dette ser eg nærmare på i kapittel 6.

3.3 Kven er ansvarleg for å teikne ansvarsforsikringane?

Under entreprisestandarden har entreprenøren ikkje berre ansvar for å teikne prosjektforsikring¹⁴; også plikta til å teikne ansvarsforsikring er pålagd han, jf. pkt. 14.2.

Systemet i NF 92 er litt meir komplisert på dette punktet ved at plikta til å teikne ansvarsforsikring er delt mellom partane. Fordelinga av forsikringsplikta er behandla under forrige punkt.

Grunnen til at forsikringsplikta for tredjemannsansvar er delt under NF 92, er at den følger ansvarsfordelinga i kontrakten. Kvifor den tilsvarende forsikringsplikta ligg hos entreprenøren og ikkje hos byggherren etter NS 3430, er vanskelegare å gi noko godt svar på. Grunnen ligg truleg i at det er entreprenøren som er nærmast til å valde skade

¹⁴ Sjå punkt 2.3

under kontraktsarbeidet. Det er likevel i prinsippet ingenting i vegen for at byggherren kunne vore pålagd denne plikta eller at partane delte den, slik løysinga er i NF 92.¹⁵

3.4 Kontraktskrav til forsikringsvilkåra

I dette avsnittet skal eg for det første sjå på kva krav kontraktane stiller når det gjeld dekningsfelt, og krava til forsikringane si rekkevidde i tid.

3.4.1 Krav til dekningsfeltet

I NS 3430 pkt 14.2 heiter det at entreprenøren si forsikringsdekning skal dekke erstatningsansvar for skade han eller hans underentreprenørar kan komme til å valde byggherren eller tredjemann i samband med utføringa av kontraktsarbeidet. I dette ligg at forsikringa i utgangspunktet skal dekke alle tap entreprenør og underentreprenør kan bli erstatningsansvarlege for. Utgangspunktet blir imidlertid modifisert gjennom første punktum i 14.2, som stiller krav om at ansvarsforsikringa skal teiknast ”på vanlige vilkår”. Formuleringsa må innebere at forsikringsvilkåra kan innehalde unntak og sikkerheitsforskrifter som er vanlege i bransjen, utan at dei dermed blir kontraktsstridige.¹⁶ Kontraktskravet må med andre ord vere oppfylt dersom entreprenøren har teikna ei av dei ”vanlege” ansvarsforsikringane på marknaden, eventuelt med tilleggsdekning der entreprenøren driv særskild aktivitet som gjer det nødvendig.

For nærmare å illustrere kva som er ”vanlege vilkår” i denne samanheng, kan det visast til IF sine vilkår for ansvarsforsikring for bygge- og anleggbransjen, ABA1-3. Forsikringa dekker som utgangspunkt sikra sitt ansvar for skade påført personar eller ting og økonomisk tap som følger av slike skadar. Ei rekke skadetypar er imidlertid unntatt frå dekning, jf. punkt 5. Skade valda ved graving, sprenging eller andre typar grunnarbeid er til dømes ikkje dekka i ABA1-3. Det må imidlertid ligge i kravet i NS

¹⁵ Jf. punkt 2.3 og 6.4

3430 pkt. 14.2 at entreprenøren, dersom han driv med denne type arbeid, må skaffe tilleggsdekning som dekker dette. Døme på anna forsikringa ikkje dekker, er personskade på eigne tilsette, formuesskade og ansvar for forureining, så sant denne ikkje har ei plurseleg og uforutsett årsak. Alle desse unntaka følgjer av vanlege forsikringsvilkår for bygge- og annleggsbransjen, og må såleis vere i samsvar med kontraktskrava. Punkt 4.1 i ABA1-3 seier også uttrykkeleg at vilkåra er i samsvar med NS 3430 pkt. 14.2.

Forsikringsplikta etter NS 3430 gjeld berre ansvar for skade som er skjedd ”i forbindelse med utførelsen av kontraktsarbeidet”. Dette medfører for det første at forsikringa ikkje treng å dekke skadar som ikkje spring ut av kontraktsarbeidet. Formuleringa må vidare forståast slik at ansvarsforsikringa ikkje må omfatte skadar på sjølve kontraktsgjenstanden; påleggget berre gjeld skade på byggherrens øvrige ting og hans personell, samt skadar på tredjemann sine ting og personar.¹⁷

NF 92 krev i art 31.1 og 31.2 (begge litra c) at partane skal forsikre sitt tredjemannsansvar etter kontrakten. Ansvarsfordelinga i kontrakten er dermed avgjerande for omfanget av forsikringsplikta til partane.¹⁸ Til saman skal partane forsikre seg mot tap og skade påført tredjemenn ”i forbindelse med Arbeidet eller av Kontraktsgjenstanden”, jf. art. 30.3. NS 3430 har til samanlikning ikkje noko uttrykkeleg forsikringsplikt for skadar påført av kontraktsgjenstanden.

Forsikringsplikta etter NF 92 ser dermed ut til å rekke noko lenger enn plikta etter NS 3430 på dette punktet. Ein kan tenke seg eit døme der ein person passerer byggeplassen på eit tidspunkt då det ikkje pågår arbeid, og ein del av kontraktsgjenstanden ramlar ned og skadar personen. Medan NF 92 klart pålegg partane forsikringsplikt for slike skadar, er ordlyden i NS 3430 ikkje like klar. Truleg må bestemmelsen tolkast slik at alle skader som kan førast tilbake til eller har sitt utspring i kontraktsarbeidet, skal forsikrast. Til

¹⁶ Barbo s. 38-39

¹⁷ Kolrud s. 127

¹⁸ Sjå punkt 3.2

tross for dette, er forsikringsplikta etter NF 92 vidare, ved at den også omfattar skadar valda av kontraktsgjenstanden, uavhengig av tilknytninga til arbeidsoperasjonen.

Forsikringsbestemmelsen i NF 92 følgjer ansvarsbestemmelsen i art. 30.3 ved at partane sitt tredjemannsansvar skal forsikrast fullt ut. Ansvaret til entreprenøren i entrepriseforhold er derimot ikkje fullt ut underlagt forsikringsplikt; den skadelidte tredjemann kan sjølv sagt rette krav mot entreprenøren (og byggherren) etter alminneleg erstatningsrettslege reglar i ein situasjon som illustrert ovanfor. Byggherren skulle også her ha interesse i at leverandøren kan dekke krava han får mot seg i slike situasjonar.¹⁹

NF 92 inneholder ikkje noko tilsvarende formulering som i NS 3430, om at ansvarsforsikringane skal teiknast på ”vanlege vilkår”. Ein kan då reise spørsmålet om dette medfører at plikta til å teikne ansvarsforsikring under NF 92 er absolutt og ubetinga, eller om ein også her må innførtolke visse innskrenkingar i forsikringsplikta på bakgrunn av dei vanlege forsikringsvilkåra i bransjen. LOCC som også inneholder vilkår for ansvarsforsikringa til selskapssida, har ei rekke unntak i forsikringsdekninga. Dekninga omfattar til dømes ikkje selskapet sitt ansvar for skadar som følger av at kontraktsgjenstanden er feilplassert. Forsikringa dekker heller ikkje ansvar for forureinings- eller utblåsingsskader, eller skader som følger av krig eller terror. I den grad slike dekningar er vanskelege eller umulige for selskapet å skaffe, må nok kontraktskravet tolkast innskrenkande. Dette kan til dømes tenkast for skadar som følge av krigs- og terrorhandlingar.

3.4.2 Krav til rekkevidde i tid

Bestemmelsane i NF 92 art 31 om forsikringane si rekkevidde i tid, gjeld også for ansvarsforsikringane. Forsikringane skal vere i kraft frå arbeidet tek til, og gjelde heilt fram til godkjenningsattest er utsteda.²⁰

¹⁹ Sjå punkt 3.2.

²⁰ Sjå punkt 2.4.2

NS 3430 har ikkje nokon tilsvarende bestemmelse som uttrykkeleg stiller krav om kva tidspunkt ansvarsforsikringa skal gjelde frå. Ein kan imidlertid bruke resten av ordlyden i bestemmelsen som tolkingsmoment. Det som etter kontrakten skal dekkast gjennom forsikringa, er skadar som kan oppstå ”i forbindelse med utførelsen av kontraktsarbeidet”. I dette ligg ei tidsmessig avgrensing, slik at forsikringa må gjelde frå arbeidet tek til, og heilt fram til det er avslutta.

Godkjenningsattesten etter NF 92 vil i praksis først blir utsteda lang tid etter at arbeidet er ferdig og kontraktsgjenstanden er overlevert. Forsikringsplikta etter NS 3430 vil opphøye så snart arbeidet er ferdig, altså på eit mykje tidlegare tidspunkt. Eg viser til framstillinga under punkt 2.4.2 om dette.

”Overleveringsproblemet” som er illustrert i punkt 2.4.2 for prosjektforsikringa under NS 3430, oppstår ikkje i same grad for ansvarsforsikringa. Kvar einskild entreprenør må teikne eiga ansvarsforsikring som vil opphøye når arbeidet med den einskilde gjenstanden er ferdig. Byggherren vil imidlertid ikkje ha same behov for å teikne ansvarsforsikring etter at gjenstanden er overlevert som ved tingsskadeforsikring. Det er først og fremst under arbeidsprosessen at risikoen for å pådra seg erstatningsansvar er stor.

3.5 Krav til forsikringssum

Begge standardkontraktane stiller krav til minimum forsikringssum for ansvarsforsikringane. NS 3430 krev at forsikringssummen under ansvarsforsikringa skal vere minst 150 G, altså om lag kr 8.000.000. Etter NF 92 skal selskapet teikne ansvarsforsikring som dekker for minimum kr 500.000.000 per ulykkeshending. Standarden stiller ikkje uttrykkeleg krav til minimum forsikringssum for leverandøren si ansvarsforsikring, men krev at den skal dekke hans ansvar etter art. 30.3. Av denne bestemmelsen følgjer at leverandøren ved kvar ulykkeshending er ansvarleg for tap opp til kr 2.000.000, og leverandøren må dermed vere pliktig til å teikne ansvarsforsikring som minst dekker for dette beløpet.

Ansvarsforsikringa til selskapet skal altså teiknast for ein langt større sum enn den tilsvarende forsikringa til leverandøren, og grunnen til dette ligg i ansvarsfordelinga i kontrakten.²¹ Sjølv om art. 30.3 ikkje set noko tak på selskapet sitt ansvar for tredjemannskrav, er forsikringsplikta begrensa til 500 millionar kroner. Selskapet sitt ansvar går dermed, i alle fall i teorien, lengre enn forsikringsplikta. Ein forsikringssum på 500 millionar kroner vil imidlertid truleg i dei fleste tilfelle vere stor nok til å dekke det ansvar som skulle oppstå. Begrensninga i forsikringsplikta har kanskje berre praktiske årsaker, ved at det kan tenkast å vere vanskeleg å få ansvarsdekning på meir enn 500 millionar kroner i forsikringsmarknaden i dag.

Grunnen til forskjellen i kravet til forsikringssum, ligg nok i at ansvaret som er forsikra i NF 92 gjennomgåande vil ha eit langt større omfang enn ansvaret etter NS 3430. Offshoreprosjekt er generelt mykje større enn vanlege byggeprosjekt på land, og det er dermed nærliggande at ulykker under offshoreprosjekt kan ramme fleire personar og større verdiar. Fabrikasjonsprosjekt medfører dessutan ofte større risiko enn vanlege entreprisekontraktar, blant anna fordi delar av arbeidet blir utført til sjøs.

Som eg tidlegare har vore inne på, har imidlertid entreprenøren sitt ansvar etter NS 3430 i ein samanheng vidare omfang enn partane sitt ansvar etter NF 92. Entreprenøren skal etter entreprisekontrakten forsikre sitt ansvar overfor både byggeren og tredjemenn, medan det etter NF 92 kun er tredjemannsansvaret som skal forsikrast. Partane under NF 92 treng ikkje å forsikre ansvar overfor kvarandre, fordi knock for knock-reguleringa inneber at tap skal bli det rammar. Får leverandøren skada sine ting eller tilsette, er han sjølv etter kontrakten pålagd å dekke tapet, uavhengig av om dette er forårsaka ved ansvarsbetingande forhold frå selskapet si side.

Trass i at entreprenøren etter NS 3430 er pålagd å forsikre sitt ansvar både overfor byggeren og tredjemenn, har ansvaret som skal forsikrast samla sett størst omfang i fabrikasjonsforhold (på grunn av størrelsen på kontraktsforholdet m.m). Dette må vere grunnen til at fabrikasjonskontrakten stiller høgst krav til forsikringssummen.

²¹ Sjå punkt 3.2

4 Medforsikring. Partane si stilling under forsikringane til den andre parten

4.1 Innleiing

Regulering av tredjemenn si stilling under forsikringane finn vi både i NS 3430 og i NF 92, og dei ulike bestemmelsane vil nedanfor bli forsøkt halde opp mot kvarandre og samanlikna. Framstillinga tek først for seg kva for tredjemenn som er tillagt rettar under dei ulike kontraktane, før innhaldet i rettane blir drøfta.

Visse tredjemenn har gjennom kontraktane krav på stilling som medforsikra under partane sine forsikringar. Partane kan avtale kva for rettar som skal følgje av statusen som medforsikra, slik at medforsikringsstatusen kan få ulikt innhald i dei ulike kontraktsforhold. I dei tilfella standardane ikkje gir noko nærmare presisering av innhaldet i medforsikringsvernet, må dette fastleggast gjennom tolking av avtalane. Eit sentralt tolkingsmoment vil vere kva partane har meint at medforsikringsvernet skal innehalde. Har ein ikkje haldepunkt for noko anna, må ein falle tilbake på det kjerneinnhaldet i medforsikringsvernet som følger av bakgrunnsretten.

Bakgrunnsretten for forsikringsreguleringa i NS 3430 er forsikringsavtaleova (FAL). Kva som er bakgrunnsrett for den tilsvarende reguleringa i NF 92, er ikkje fullt så klart. Valet står mellom FAL eller Norsk Sjøforsikringsplan (NSPL). Bull har under tvil gitt uttrykk for at han meiner det er rett å bruke NSPL som bakgrunnsrett.²² Avgjerande for konklusjonen er for det første at forsikringsavtaleova klassifiserer innretningar på kontinentsokkelen i same kategori som skip, og for det andre at reglane i FAL om medforsikring ikkje tek sikte på anna enn tingsforsikring, medan byggerisikoforsikringa også har eit viktig ansvarselement i seg.²³ Bull meiner dette er ei forsvarleg tolking av LOCC 85-2 og Gullfaks A-vilkåra som viser til ”Norwegian Law and practice” som bakgrunnsrett. Dette synet vil bli lagt til grunn i det følgjande. Det må imidlertid

²² Bull, Tredjemannsdekningar, s. 445

²³ Bull, Tredjemannsdekningar vart utgitt i 1988, men argumenta gjeld framleis etter den nye forsikringsavtaleova av 1989.

påpeikast at sjølv om bakgrunnsretten er fastlagt å vere NSPL, løyser heller ikkje denne alle problem. Der NSPL er ufullstendig, må ein kunne falle tilbake på FAL.

På nokre punkt gir standardkontraktane konkrete rettar til tredjemenn utan at det er sagt at desse skal ha stilling som ”medforsikra”. Bakgrunnen for ein slik kontraktsteknikk kan vere at partane har ønska at tredjemannsvernet under forsikringane skal ha eit anna innhald enn det som følgjer av det alminnelege medforsikringsvernet. Ei konkret oppramsing av tredjemannsrettane kan imidlertid også vere grunna i behovet for å unngå uklarheita som ligg i omgrepet medforsikring.

Eit viktig poeng når ein skal fastslå omfangset av tredjemannsrettane, er forholdet mellom standardkontraktane og forsikringsavtalelova. Lova er i utgangspunktet preseptorisk, men kan fråvikast i stor næringsforsikring, jf §1-3. Sidan storleiken på prosjektet er avgjerande for preseptiviteten, vil FAL ofta kunne fråvikast i fabrikasjonsforhold. Entrepriseforhold kan vere både store og små; NS 3430 kan omfatte alt frå små bygge- og anleggsarbeid til oppføring av store produksjonsanlegg. FAL vil dermed langt oftere gi preseptorisk vern i entrepriseforhold enn i offshoreforhold. § 7-8 i lova gir imidlertid preseptorisk vern til skadelidte også i stor næringsverksem. Der FAL er preseptorisk, kan partane ikkje innskrenke krinsen av medforsikra personar eller omfangset av rettane desse har etter lova.

Det å gi utvalde tredjemenn rettar under forsikringsavtalen, gjer at ein enkelt forsikringsavtale kan dekke fleire partar sine behov for økonomisk tryggleik. Det er ofte hensiktsmessig å rasjonalisere forsikringsdekningar på denne måten, sidan dette i dei fleste tilfeller reduserer dei totale forsikringskostnadane.

Systematikken i dei to standardkontraktane er ulik når det gjeld reguleringa av medforsikringsspørsmålet. NS 3430 skil mellom medforsikring under tingsskade- og ansvarsforsikringa, som begge skal teiknast av entreprenøren. NF 92 følger derimot ikkje inndelinga mellom tingsskade- og ansvarsforsikringar, men skil berre mellom medforsikring under selskapet og under leverandøren sine forsikringar. Bakgrunnen for denne systematikken er truleg at det i praksis ofte berre blir teikna ei stor forsikring i fabrikasjonsforhold, nemleg byggerisikoforsikringa, som inneheld både tingsskade og

ansvarsdekkning. Det ville dermed vere lite praktisk å skilje mellom ulike medforsikringsreglar under forsikringa. Til tross for den avvikande inndelinga i NF 92 på dette punktet, vil skiljet mellom tingsskade- og ansvarsforsikring bli brukt i den vidare framstillinga.

4.2 Medforsikring under tingsskadeforsikringane

Den største og viktigaste tingsskadeforsikringa som skal teiknast etter NS 3430, er entreprenøren si prosjektforsikring. I fabrikasjonsforhold har denne har sitt motstykke i byggerisikoforsikringa til byggherren. Sjølv om begge standardane i tillegg krev teikning av nokre mindre tingsskadeforsikringar, vil desse ikkje bli drøfta nedanfor då dei ikkje har særleg interesse for samanlikninga.

4.2.1 Kven skal vere medforsikra?

NS 3430 art 14.1, første ledd, siste punktum bestemmer at byggherren skal vere oppgitt som medforsikra i forsikringsbeviset under entreprenøren si prosjektforsikring. Bestemmelsen er ikkje berre av formell karakter; den inneber eit faktisk krav om at byggherren skal vere medforsikra. ”Byggherren” er den kontraktsparten som skal ha utført arbeidet, jf. definisjonen i pkt. 2.2. Kontraktsbestemmelsen vernar altså berre aksjeselskapet til byggherren, og ikkje tilsette hos byggherren eller andre tredjemenn.²⁴

Etter NF 92 art. 31.1, 3.ledd skal både Selskaps- og Leverandørgruppa stå som medforsikra under selskapet sine forsikringar. Regelen gjeld for alle forsikringar selskapet er forplikta til å teikne etter kontrakten, altså både for tingsskade- og ansvarsforsikringar.

Omgrepa Selskaps- og Leverandørgruppa er definert i art 1 (m) og (u), og som eg har vore inne på, er inndelinga slik at leverandøren og alle som er under han i

²⁴ Kolrud s. 123

kontraktshierarkiet, høyrer med i leverandørgruppa. Selskapsgruppa omfattar alle dei andre involverte i kontraktsforholdet, herunder selskapet, operatören, alle andre av selskapet sine leverandørar, og alle selskap som er tilknytta selskapsgruppa. Dei nemnde partane skal imidlertid berre reknast med til selskapsgruppa dersom dei er involverte i det aktuelle prosjektet. Selskaps- og Leverandørgruppa utgjer dermed til saman ein svært vid personkrets; i tillegg til selskapet og leverandøren sjølv har til dømes har alle underleverandørar, sideordna leverandørar, operatören og alle tilsette på alle trinn, stilling som medforsikra. Til tross for ein viss modifikasjon i praksis, skal krinsen av medforsikra vere svært vid.²⁵

Forskjellen mellom kontraktskrava til krinsen av medforsikra er altså svært betydeleg. Eit døme kan bidra til å vise korleis denne forskjellen gjer seg utslag i praksis. Vi kan tenke oss at ein entreprenør (E1) valdar skade på arbeidet til ein annan entreprenør (E2). Den forsikringsmessige løysinga på denne situasjonen vil bli ulik under dei to standardkontraktane. Prosjektforsikringa skal etter NS 3430 teiknast av entreprenøren, og byggherren er den einaste som etter kontrakta skal vere medforsikra. Også i dei tilfella byggherren har mange forskjellige entreprenørar under seg, er entrepiseprosjekta vanlegvis lagt opp slik at kvar entreprenør skal teikne ei eiga prosjektforsikring. Entreprenøren som får arbeidet sitt skada (E2), får dermed ikkje noko glede av prosjektforsikringa til E1. For å få dekka sitt tap i samband med skaden, kan E2 rette eit alminneleg erstatningskrav mot E1. Eventuelt kan han få tapet dekkja under si eiga prosjektforsikring, slik at det blir opp til forsikringsselskapet å kreve regress frå E1. Dersom E1 er insolvent, blir E2 og hans forsikringsselskap sittande med tapet, med mindre dei kan få dekning i ansvarsforsikringa til E1.

Byggerisikoforsikringa under NF 92 er som nemnt teikna for heile prosjektet under eitt, med heile selskaps- og leverandørgruppa som medforsikra. Når entreprenøren (E1) valdar skade på arbeidet til ein sideordna entreprenør (E2), kan E2 ut frå si stilling som

²⁵ Krava til krinsen av medforsikra under selskapet sine forsikringar i NF 92, blir ikkje oppfylt fullt ut i praksis (Sjå Kaasen s. 719, note 102). Medforsikringsklausulane i GAV og LOCC 85-2 omfattar ikkje partane sine ”Tilknyttede Selskaper”, sjølv om desse fell innunder definisjonen av leverandør- og selskapsgruppa.

medforsikra kreve sitt tap dekka under byggerisikoforsikringa. Fordi entreprenøren som valda skaden (E2) også er medforsikra, er forsikringsselskapet avskore frå å kreve regress frå skadevaldaren. Dette fører til at tapet blir der det rammar, men at det blir dekka av forsikringa utan vidare overflytting. Forsikringsselskapet må altså respektere ansvarsfordelinga i kontrakta.

Når krinsen av medforsikra skal vere så mykje vidare under byggerisikoforsikringa etter NF 92 enn under prosjektforsikringa i NS 3430, kan dette forklarast ut frå den fundamentale forskjellen mellom forsikringane. Prosjektforsikringa skal teiknast av den einskilde entreprenør for det arbeidet han skal gjere, som ofte berre vil vere ein liten del av det samla prosjektet. Byggerisikoforsikringa blir derimot teikna av selskapet for prosjektet som heilskap. Denne forsikringa skal altså dekke arbeidet til alle dei ulike leverandørane. For at alle involverte partar skal kunne dra nytte av byggerisikoforsikringa slik meininga er, må det nødvendigvis vere ein stor krins av medforsikra.

Ved å legge opp til at selskapet teiknar forsikring der alle leverandørane er medforsikra, oppnår ein i fabrikasjonsforhold som tidlegare nemnt ein stor rasjonaliseringsevinst ved at ein lettare unngår dobbeldekning og hol i forsikringsdekninga. Den vide krinsen av medforsikra personar bidrar også til at ansvarsfordelinga i NF 92 blir opprettholdt, fordi dei medforsikra er verna mot regress frå forsikringsselskapet.

Ansvarsfordelinga i NF 92, saman med ordninga med mange medforsikra under byggerisikoforsikringa, gjer at tap oftare blir plassert under tingsskadedekninga enn ansvarsdekninga. Dette er økonomisk rasjonelt, fordi tingsskadedekning er billigare enn ansvarsdekning.

4.2.2 Innhaldet i tredjemannsrettane under tingsskadeforsikringane

Forrige punkt konkluderte med at visse tredjemenn er sikra stilling som medforsikra under både fabrikasjons- og entrepriserstandarden. Det er imidlertid ikkje dermed sjølv sagt at medforsikringsvernet har same innhald under begge kontraktane. I det

følgjande ser eg først på medforsikringsvernet i dei einskilde kontraktane, før desse blir haldne opp mot kvarandre og samanlikna.

I NS 3430 punkt 14.1, 1. ledd er det bestemt at forsikringsbeviset for prosjektforsikringa skal utpeike byggherren som medforsikra. Byggherren ville i mange tilfelle automatisk fått stilling som medforsikra etter § 7-1 i forsikringsavtalelova, som i 2. ledd fastset at forsikring av fast eigedom skal gjelde for innehavar av tinglyst heimel. Bakgrunnen for at standardkontrakten likevel uttrykkeleg krev at byggherren skal vere medforsikra, er at han for å få bli rekna som medforsikra etter lova, må ha tinglyst eigedomsrett til den aktuelle eigedomen. Byggherren vil i praksis ikkje alltid ha tinglyst heimel, men i desse tilfella er han likevel sikra stilling som medforsikra gjennom kontraktsbestemmelsen.²⁶ Medforsikringsretten er også gitt eit vidare innhald etter kontrakten enn etter lova ved at den også omfattar byggherren sine interesser i lausøyre.

Pkt. 14.1 seier ikkje uttrykkeleg kva for rettar som skal følge medforsikringsstillinga. Det nærmare innhaldet må fastleggast gjennom ei tolking av bestemmelsen. Nokre haldepunkt for tolkinga finst i tredje ledd.

Pkt. 14.1, 3. ledd set i første punktum forbod mot avtalar som innskrenkar byggherren si stilling som medforsikra på grunn av handlingar eller unnlatelsar frå forsikringstakaren. Slikt innsigelsesvern er den medforsikra også sikra gjennom FAL §7-3, og kontrakta gir ikkje noko kvalitativt sterkare vern enn lova.²⁷ Når bestemmelsen likevel er tatt inn i standarden, er det fordi det lovfasta vernet berre gjeld for dei automatisk medforsikra etter §7-1. Kontraktsvernet er dermed vidare enn det lovfasta vernet ved at det som nemnt også omfattar tilfelle der byggherren ikkje har tinglyst grunnboksheimel, og ved at den omfattar byggherren sine interesser i lausøyre. Bakgrunnen for kontraktsreguleringa ligg også i den manglande preseptiviteten til lova.²⁸ Partane har truleg ønska at byggherren alltid skal ha dette vernet, også i dei tilfella lova er fråvikeleg.

²⁶ Barbo s. 29.

²⁷ Barbo s. 16

²⁸ Sjå pkt. 4.1.

Innsigelsesvernet i lova er underlagt ein viktig modifikasjon; FAL § 7-4 inneber at manglande premiebetaling frå entreprenøren kan få konsekvensar for byggherren som medforsikra. Dersom byggherren er blitt varsle med ein månads frist, kan han bli ramma av bortfall av avtalen mellom entreprenøren og forsikringsselskapet. Ein slik begrensing verkar rimeleg, fordi byggherren med ein månads varsel har rimeleg muligkeit til å skaffe eiga forsikringsdekning. Sidan meininga har vore å tilpasse standarden til FAL sine løysingar, må ein truleg forstå det kontraktsfesta innsigelsesvernet i punkt 14.1 tredje ledd slik at det samsvarer med bakgrunnsretten på dette punktet.²⁹

NS 3430 punkt 14.1, 3. ledd, 2. punktum bestemmer at forsikringsbeviset ikkje skal innehalde klausular som gir forsikringsselskapet og forsikringstakaren hove til å forhandle om oppgjeret utan samtykke frå den medforsikra. Det skal heller ikkje kunne avtalast at assurandøren kan utbetale erstatning til forsikringstakaren utan slikt samtykke. Også her svarer kontraktsbestemmelsen til forsikringsavtalelova, i dette tilfellet § 7-4. Grunnen til at partane har funne det nødvendig å regulere dette i kontrakten, er også her begrensninga i gruppa av automatisk medforsikra etter lova, samt muligheta for å fråvike lova.

Lova inneheld imidlertid ein viktig modifikasjon ved at den medforsikra ikkje kan motsetje seg utbetaling til forsikringstakaren dersom skaden er reparert eller det er stilt tilstrekkeleg sikkerheit for at den vil bli det. Det er naturleg å innfortolke ei tilsvarande begrensning i kontraktsbestemmelsen, sidan den medforsikra ikkje lenger vil ha noko verneverdig interesse i å motsette seg utbetaling dersom det er stilt sikkerheit for at han får dekka sitt krav. Ei slik tolking har støtte i bakgrunnen for utarbeidninga av standarden, i det meininga på dette punktet har vore å tilpasse seg forsikringsavtalelova.³⁰

²⁹ Kolrud s. 124 og 125

³⁰ Kolrud s. 124

Pkt 14.1, 3.ledd er inga uttømande opplisting av innhaldet i byggherren sitt medforsikringsvern. For å få eit bilete av det fullstendige innhaldet i medforsikringsretten, må vi gå til bakgrunnsretten i FAL.

Medforsikringsvernet under FAL kan oppsummerast i 5 hovudpunkt. Den viktigaste retten som følgjer av stilling som medforsikra, er retten til *dekning* under den aktuelle forsikringa. Retten kjem til uttrykk i FAL ved at vedkommande tredjemann blir ”sikra”. Etter § 7-3 inneber medforsikringsstillinga i tillegg eit *innsigelsesvern*.

Forsikringsselskapet kan ikkje overfor den medforsikra gjere gjeldande handlingar eller unnlatelsar frå forsikringstakaren eller andre medforsikra. Den medforsikra har vidare *krav på å bli varsle* av selskapet 1 månad før opphør eller bortfall av forsikringa, jf. § 7-4, 1.ledd. Forsømmer selskapet denne plikta, vil bortfallet av forsikringa ikkje få verknad for den medforsikra.

Forsikringsavtaleova gir i § 7-4, 2. og 3. ledd den medforsikra ein viss *kontroll med forsikringsoppgjerset og forsikringsutbetalinga*. Forsikringsselskapet skal etter denne regelen verken kunne forhandle med forsikringstakar eller utbetale forsikringssummen til han, med bindande verknad for den medforsikra. Fjerde ledd inneholder imidlertid ein praktisk viktig modifikasjon i det den medforsikra ikkje kan motsetje seg utbetaling dersom betryggande sikkerheit er stilt for at skaden vil bli reparert.

Dei medforsikra har også eit *regressvern* som følgjer FAL § 4-9. Bestemmelsen gir reglar om ansvarsfridom for forsikringsselskapet når den sikra har framkalla forsikringstilfellet. ”Sikra” betyr både den hovudsikra og medforsikra, jf. § 1-2 (c). Den sikra må som hovudregel ha valda skaden forsettleg for at ansvaret til selskapet skal falle bort, slik at selskapet dermed kan kreve regress. Under tingsskadeforsikringar vil forsikringsselskapet også kunne ha rett til å kreve regress ved grovt aktlaus framkalling av forsikringstilfellet. Regressvernet kan illustrerast gjennom følgjande døme: Dersom entreprenøren (hovudsikra) får skada kontraktsgjenstanden eller andre ting han har risikoen for, får han dekka dette under prosjektforsikringa. Sjølv om den medforsikra byggherren var årsak til skaden, kan forsikringsselskapet som følgje av § 4-9 ikkje kreve regress frå han, med mindre han har utvist forsett eller grov aktløyse ved framkallinga av forsikringstilfellet.

NF 92 slår i art. 31.1 fast at både selskaps- og leverandørgruppa skal vere medforsikra under byggersiskoforsikringa. Sidan innhaldet i medforsikringsretten ikkje er nærmare angitt, må ein søke å finne fram til dette ved å tolke kontrakten. Haldepunkt for tolkinga finn ein i art. 31.2, 3.-5. ledd, som angir tredjemann sine rettar under forsikringane til leverandøren. Rettane tredjemennene skal ha under leverandøren sine forsikringar, er konkret angitt. Sjølv om det ikkje er sagt uttrykkeleg at desse tredjemennene skal ha stilling som medforsikra, må det vere meiningsa. Bakgrunnen for valet av ein oppramsande avtaleteknikk, må nok vere behovet for å unngå uklarheit om kva medforsikringsretten omfattar. Partane har truleg ikkje ønska å utelate noko som medforsikringsvernet elles inneheld, og medforsikringsvernet etter art. 31.1 må tilsvارande truleg omfatte dei same tredjemannsrettane som er opprampa i art. 31.2. Rettane som er tillagt dei berettiga tredjemenn under forsikringane til leverandøren, kan oppsummerast i tre hovudpunkt: rett til *direktekrav*, krav på *regressvern* og krav på *varsling* før opphøyр eller anna bortfall av forsikringsavtalen.

Kjerneinnhaldet i medforsikringsretten er, som eg har vore inne på, rett til *dekning* under forsikringa. Dette gjeld for dei aktuelle tredjemenn både under selskapet og leverandøren sine forsikringar etter NF 92, og for dei medforsikra under prosjektforsikringa i NS 3430.

Regressvern følger truleg allereie av stillinga som medforsikra under byggersiskoforsikringa i NF 92. Likevel er det inntatt ein uttrykkeleg klausul i art. 31.1, 3.ledd om at forsikringsselskapet skal fråskrive seg sin regressrett overfor selskapsgruppa. Truleg rekk ikkje regressvernet lenger enn det som allereie følger av stillinga som medforsikra etter norsk rett, slik at den uttrykkelege reguleringa i denne samanhengen er overflødig.³¹ Det er imidlertid grunn til å merke seg at NF 92 også blir brukt internasjonalt, og at medforsikringsomgrepene kan ha ulikt innhald etter gjeldande rett i andre land. Eit døme på dette er det engelske omgrepene ”co-insured”, som er antatt å gi eit svakare vern enn omgrepene ”medforsikra” etter norsk rett. I slike tilfeller kan det uttrykkelege regressvernet tenkast å få sjølvstendig betydning.

³¹ Kaasen s. 719, Bull s. 488

Verken NF 92 eller vilkåra (GAV og LOCC) gir haldepunkt for noko avgrensing i regressvernet på grunn av klanderverdig forhold hos den verna. Det blir i teorien hevd å vere eit prinsipp at ingen kan fråskrive seg ansvar for eigne forsettelege eller grovt aklause handlingar, og på denne bakgrunn må ein truleg innførtolke begrensingar i det kontraktsbestemte regressvernet.³² Dei medforsikra under kontrakta vil dermed ha regressvern ved tap han har valda ved vanleg akløyse, men ikkje for tap valda ved grov akløyse eller forsett.

Sjølv om regressvernet etter dette må seiast å ha nokså likt innhald under dei to standardkontraktane, er vernet etter NS 3430 (med FAL som bakgrunnsrett) likevel litt sterkeare. Utgangspunktet er at selskapet berre kan kreve regress der forsikringstilfellet er forsetteleg framkalla av den sikra. Ved grov akløyse kan kravet til forsikringsselskapet når det gjeld tingsskadeforsikringar etter ei skjønnsmessig vurdering settast ned eller falle bort. Gjeld det derimot ansvarsforsikringar er det berre forsett som gjer at ansvaret til selskapet fell bort.

Tolka i lys av art. 31.2, 4.ledd må ein anta at medforsikringsvernet etter art. 31.1 gir selskaps- og leverandørgruppa høve til å rette krav under forsikringa direkte mot forsikringsselskapet. Retten har nær samanheng med stillinga som medforsikra, og dermed retten til å få sine krav dekka under forsikringa. Sjølv om det dreier seg om ein direktekravslrett, må denne ikkje forvekslast med direktekravslritten skadelidte har etter FAL. Denne retten er av ein annan karakter, fordi skadelidte under ansvarsforsikringane som utgangspunkt har krav mot skadevaldar og ikkje mot forsikringsselskapet.

Adgangen dei medforsikra har til direktekrav under byggerisikoforsikringa er imidlertid underlagt ein vesentleg modifikasjon ved den hovudsikra si stilling som *loss payee*, i praksis avtalt i forsikringsavtalen. At den hovudsikra er loss payee betyr at utbetaling av forsikringsoppgjaret skal gå til han. Sjølv om dette begrensar direktekravslritten til den medforsikra, er hans krav på dekning under forsikringa framleis like sterkt. Den medforsikra vil ofte ha visse pressmiddel å bruke mot den hovudsikra for å få dekka sitt

³² Bull, Tredjemannsdekninger s. 486

krav. Er den medforsikra leverandør, kan han kanskje for eksempel legge ned arbeidet og nekte å ta det opp att før selskapet betalar. Det vil legge eit effektivt press på selskapet til å foye seg, sidan framdrift i arbeidet nesten utan unntak vil vere heilt sentralt for selskapet. Dersom hovudsikra nektar å betale forsikringsutbetaling vidare til medforsikra, kan det også forekomme at assurandøren stoppar utbetalingane, fordi han meiner pengane skal gå til den skadelidte leverandøren.

Medan den store gruppa av medforsikra under byggeriskoforsikringa etter NF 92 har direktekravsliggjøring, gir medforsikringsstillinga under NS 3430 ikkje nokon tilsvarende rett under prosjektforsikringa. Betydninga av forskjellen blir imidlertid vesentleg nedtona gjennom loss payee-klausulen som i praksis vil vere avtalt i fabrikasjonskontraktane.

I følgje art. 31.2, 5. ledd skal det takast inn ein klausul om varsling av selskapet før leverandøren sine forsikringar går ut. Eit tilsvarende krav om varsling av dei medforsikra må følgje av medforsikringsvernet under byggeriskoforsikringa. Denne retten til å bli varsle svarar til retten som er gitt i FAL § 7-4, 1.ledd, som altså gjeld i NS 3430. Lovregelen skil seg imidlertid frå kontraktsbestemmelsen ved at varslingsfristen er konkret angitt til ein månad. Dei medforsikra skal etter NF 92 ”varslast i god tid”.

Ein kan neppe forstå NF 92 slik at vernet av dei medforsikra under byggeriskoforsikringa berre inneholder rettane som konkret er opprampa i art. 31.2. Hadde dette vore meiningsa, må ein anta at partane hadde tatt inn den same opprampsinga i art. 31.1 som i art. 31.2. For å kunne slå fast det fulle innhaldet av medforsikringsvernet i art. 31.1, må ein sjå på bakgrunnsretten.

NF 92 gir ikkje nokon uttrykkeleg rett for dei medforsikra til å delta i oppgjeret, slik NS 3430 gjer. NSPL regulerar ikkje spørsmålet, men FAL gir den medforsikra ein viss kontroll med forsikringsoppgjeret og med sjølve utbetalinga av forsikringa (§ 7-4, 2. ledd). Sidan NSPL ikkje regulerer spørsmålet, må vi her kunne falle tilbake på FAL som bakgrunnsrett. NF 92 gir ikkje haldepunkt for noko anna løysing enn den som følger av lova, og ein må derfor kunne slutte at den lovbestemte løysinga får anvendelse i kontraktsforholdet. Løysinga på dette punktet blir altså lik under NF 92 og NS 3430.

Stillinga til dei medforsikra ved utbetaling av forsikringssummen er heller ikkje regulert i NF 92. NSPL løyser spørsmålet i § 7-4, 2.ledd, slik at assurandøren fritt kan utbetale erstatning på opp til 5% av forsikringssummen til hovudsikra. Der utbetalinga overstig denne grensa, må dei berettiga tredjemenn samtykke til utbetalinga, med mindre forsikringstakaren kan vise kvittering for utført reparasjon. Sjølv om det er nokre detaljforskellar, svarer denne reguleringa i stor grad til FAL som er bakgrunnsrett for NS 3430.

NF 92 inneholder ingen bestemmelse om innsigelsesvern. I bakgrunnsretten i NSPL er det uttrykkeleg sagt at dei medforsikra ikkje skal ha slikt vern (§ 8-1 jf. § 3-38), medan FAL gir innsigelsesvern til dei medforsikra etter lova. Sidan NSPL er best tilpassa offshoreforhold og denne uttrykkeleg seier at dei medforsikra ikkje skal ha innsigelsesvern, må det truleg vere riktig å la denne løysinga slå gjennom. Medforsikringsvernet etter dei to standardkontraktane er dermed heilt ulikt på dette punktet ved at dei medforsikra under NS 3430 har innsigelsesvern, medan dei medforsikra under NF 92 ikkje har det. Medforsikringsvernet er dermed sterkare under NS 3430 enn under NF 92 på dette punktet. Om dei er verna mot slike innsigelsar eller ikkje, vil naturleg nok ha stor betydning for dei medforsikra.

Ovanfor er forsøkt skissert kva krav kontrakten og bakgrunnsretten stiller til vernet av dei personane som er medforsikra under byggerisikoforsikringa. Innanfor rammene av dette er det opp til partane å avtale innhaldet i vernet av dei medforsikra. I denne forbindelse har eg sett på GAV og LOCC, men desse regulerar ikkje innhaldet av medforsikringsvernet noko nærmare.

Oppsummeringsvis kan ein konstatere at det saklege innhaldet av medforsikringsvernet under tingsskadeforsikringane i utgangspunktet er nokså likt etter dei to standardane, sjølv om verknadane av vernet blir noko forskjellig på grunn av ulik personkrets, jf. ovanfor. Forskjellar finst også med omsyn til det saklege innhaldet i medforsikringsvernet, til dømes når det gjeld innsigelsesvernet og direktekravsetten. Bakgrunnen for at NS 3430 på visse punkt gir eit sterkare medforsikringsvern enn NF 92, kan vere at byggherresida har hatt ei forholdsmessig sterkare stilling i NS 3430 enn i

NF 92. Samla sett er forskjellane derimot såvidt små at det også kan tenkast at det er meir tilfeldige faktorar som ligg bak.

4.3 Tredjemannsrettar under ansvarsforsikringane

Både NS 3430 og NF 92 inneholder reguleringar som tildeler visse tredjepersonar rettar også under ansvarsforsikringane. Kontraktane bruker ikkje omgrepene medforsikring like mykje ved ansvarsforsikring som ved tingsskadeforsikring. Grunnen kan enten vere ein føresetnad om at rettane skal ha eit anna innhald enn det som vanlegvis følgjer av medforsikringsstilling, eller at partane berre har ønska å unngå uklarheit som følgjer omgrepene medforsikring. Språkbruken treng ikkje å medføre forskellar med omsyn til innhaldet i vernet. Framstillinga vil søke å kartlegge kva for tredjemenn som er verna og kva omfang dette vernet har, uavhengig av kva terminologi kontraktane brukar.

4.3.1 Personar som skal ha rettar under ansvarsforsikringane

Som vist under punkt 3.3.2 ovanfor, er plikta til å teikne ansvarsforsikring etter NF 92 delt mellom selskapet og leverandøren etter beløpsgrenser. I følge kontrakten skal visse tredjemenn ha rettar under både selskapet og leverandøren sine ansvarsforsikringar.

Sidan bestemmelsane om medforsikring i NF 92 ikkje skil mellom tingsskade- og ansvarsforsikringar, skal heile Selskaps- og Leverandørgruppa vere medforsikra også under selskapet sine ansvarsforsikringar.³³

Personkrinsen som er tillagt rettar under leverandøren sine forsikringar, er ikkje like vid. Art. 31.2, fjerde ledd krev at ”Selskapsgruppa” skal vernast mot regress. I fjerde og femte ledd er ”Selskapet” gitt rett til direktekrav mot forsikringsselskapet, i tillegg til at dei skal varslast når forsikringsavtalen opphører. Grunnen til at det berre er selskapet som har fått desse rettane, kan heilt enkelt vere at det først og fremst er sjølv selskapet

³³ Sjå punkt 4.2.1

som vil vere interessert i å bli varsle når forsikringa går ut og i å kunne rette direktekrav mot assurandøren. Det er imidlertid viktig at heile selskapsgruppa er verna mot regress. I motsatt fall kan assurandøren velje å gå på nokon i selskapsgruppa for å få pengane sine, noko som kan påverke ansvarsfordelinga i kontrakta.

Etter NS 3430 pkt. 14.2, 2. ledd er det til samanlikning berre byggherren som skal tilleggast rettar under ansvarsforsikringa til entreprenøren. Reguleringane i dei to standardkontraktane er dermed svært ulike med omsyn til krinsen av tredjemenn dei tilgodeser under dei ulike ansvarsforsikringane.

Grunnen til at så mange fleire skal ha rettar under ansvarsforsikringane etter NF 92 enn etter NS 3430, kan delvis ligge i at samanhengen mellom ansvar og forsikring er så gjennomført i fabrikasjonskontrakten. Den vide krinsen av medforsikra bidrar til å oppretthalde ansvarsfordelinga i kontrakten. NS 3430 inneheld ikkje noko ansvarsregulering liknande den vi finn i fabrikasjonskontrakten. Entrepriseforhold er generelt mindre komplekse enn fabrikasjonsforhold, med færre involverte partar. Dette gjer at ein i slike forhold ikkje får det same behovet for ein stor krins av medforsikra partar.

Både når det gjeld entreprise- og fabrikasjonsforhold sørger FAL for at ei ny gruppe tredjemenn får vern under ansvarsforsikringane. § 7-6- § 7-8 bestemmer at ”skadelidte” skal ha visse rettar under ansvarsforsikringar. Omgrepene Skadelidte er vidt og omfattar alle som har krav på erstatning etter alminnelege erstatningsrettslege reglar. Medan § 7-6 kan fråvikast i store næringsforhold, gir § 7-8 eit preseptorisk vern. Skadelidte vil dermed i praksis nyte eit sterkare vern i entreprise- enn i fabrikasjonsforhold, sidan entrepriseforholda ofte er små nok til at også vernet under § 7-6 er preseptorisk.

Utvidinga som følger av FAL på dette punkt, får relativt stor praktisk betydning. Under NS 3430 som før berre vernar byggherren, fører FAL til ei vesentleg utviding av den berettiga personkrinsen under ansvarsforsikringa til entreprenøren. Også under NF 92 får forsikringsavtalelova betydning. Sjølv om personkrinsen som er verna under

fabrikasjonskontrakten er svært stor i utgangspunktet, fører utvidinga av vernet til Skadelidte til at også utanforståande tredjemenn får visse rettar under forsikringane.

4.3.2 Innhaldet i tredjemannsrettane under ansvarsforsikringane

Under forrige punkt såg vi at byggherren er tillagt rettar under ansvarsforsikringa til entreprenøren i NS 3430, medan ein vidare personkrins er berettiga under ansvarsforsikringane som skal teiknast etter NF 92. Tema under dette punktet er kva rettar desse persongruppene er sikra under ansvarsforsikringane.

NS 3430 gir ikkje byggherren medforsikringsstilling under ansvarsforsikringa slik som under tingsskadeforsikringa. Standarden nøyser seg med å sikre byggherren visse konkrete rettar. Punkt 14.2, 2. ledd set for det første forbod mot klausular i polisen som begrensar byggherren sin rett til direktekrav mot selskapet. Bestemmelsen hindrar også avtalar om reduksjon i byggherren sitt krav på grunn av forhold på den sikra si side *etter* at forsikringstilfellet er oppstått (innsigelsesvern). Det må påpeikast at dette innsigelsesvernet er eit anna enn det som følgjer av § 7-3; lova vernar mot innsigelsar på grunnlag av forhold både før og etter at forsikringstilfellet er oppstått.

Begge bestemmelsane i pkt. 14.2 sikrar byggherren krav han allereie har etter bakgrunnsretten (FAL). Reguleringane er truleg tatt inn for å sikre at byggherren sine lovbestemte rettar ikkje blir innskrenka, sjølv om FAL i det konkrete tilfellet skulle vere fråvikeleg. Dei aktuelle reglane i FAL kjem elles berre direkte til anvendelse der byggherren er automatisk medforsikra etter lova, og kontraktsvernet får dermed sjølvstendig betydning i dei tilfella byggherren ikkje har slik stilling etter lova.

Kontraktsreguleringa i NS 3430 er imidlertid ikkje noko uttømmande angjeving av byggherren sine rettar under ansvarsforsikringa. Forsikringsavtalelova gjeld fullt ut når ikkje anna er avtalt, og dei aktuelle reglane vil vere preseptoriske i alle mindre byggeprosjekt.³⁴ Dei som er automatisk medforsikra etter lova, er verna etter § 7-3 og §

³⁴ Sjå punkt 4.1

7-4. Etter desse bestemmelsane har dei medforsikra *innsigelsesvern* som nemnt ovanfor, rett til *varsel* før forsikringa opphører og rett til ein viss *kontroll med forsikringsutbetalinga og oppgjeret*. Som forklart under pkt. 4.2 følgjer også eit *regressvern* av § 4-9.

Lova gir vidare i § 7-6 skadelidte rett til direktekrav dersom forsikringa dekker erstatningsansvaret til den sikra. Denne retten er imidlertid berre tillagt ”skadelidte”, altså den som har eit erstatningskrav mot den sikra. Skadelidte er vidare verna etter § 7-8 ved at forsikringsselskapet er pålagt å sørge for at forsikringa ikkje blir utbetalt til den sikra før denne har godtgjort at skadelidte har fått dekka sitt krav. Bestemmelsen er ufråvikeleg, også i stor næringsverksemd.

Som forklart under punkt 4.2.1 gjeld bestemmelsane i NF 92 om medforsikring både for tingsskade- og ansvarsforsikringar. Det som er sagt om innhaldet i medforsikringvernet under selskapet og leverandøren sine forsikringar i punkt 4.2.2, gjeld tilsvarande for ansvarsforsikringane til partane.

I tillegg til retten til *dekning* under forsikringa, har dei aktuelle tredjemennene etter NF 92 rett til rett til *direktekrav, regressvern* og *varsel* før forsikringa opphører. På grunn av oppramsinga som er brukt i art. 31.2, må ein forstå denne som ei uttømmande angjeving av rettane til selskapet og selskapsgruppa under forsikringane til leverandøren. Dei medforsikra under selskapet sine forsikringar nyt i tillegg godt av vernet under bakgrunnsretten som blant anna gir ein viss kontroll med utbetalinga av og forhandlingane om forsikringsoppgjeret. Eg viser til gjennomgangen av medforsikringsvernet i NF 92 under punkt 4.2.2.

Ser ein på kontraktane isolert sett, er det klart at NF 92 gir meir omfattande rettar til dei medforsikra under ansvarsforsikringane enn NS 3430. Forskjellane blir imidlertid meir utjamna i lys av bakgrunnsretten. Byggherren vil derfor i mange tilfelle etter FAL ha rett til regressvern, varsle og deltaking i oppgjeret. Fordi FAL vil kunne fråvikast i store entrepriser, og fordi byggherren for å nyte godt av vernet i lova må oppfylle vilkåra for å vere automatisk medforsikra, bli dette vernet likevel svakare enn om bestemmelsane hadde vore tatt inn i NS 3430.

At rettane til dei aktuelle tredjemennene har vidare innhald under NF 92 enn under NS 3430, kjem truleg av at samanhengen mellom ansvar og forsikringsplikt i større grad er gjennomført i fabrikasjonskontrakta. Særleg regressvernet er ein viktig føresetnad for at ansvarsfordelinga skal bli slik som avtalt, og noko slikt vern er ikkje gitt byggherren under NS 3430.

5 Konsekvensar av manglande forsikringsdekning

Sidan partane under standardkontraktane er forplikta til å teikne forsikringar med eit visst innhald, medfører det kontraktsbrot dersom slike forsikringar ikkje blir teikna. Plikta til å teikne forsikring er imidlertid ikkje den viktigaste plikta partane har etter kontrakta: Leverandøren skal først og fremst bygge kontraktsgjenstanden, medan den sentrale plikta til selskapet er å betale vederlaget. Sjølv om forsikringsplikta berre er ei biplikt, kan partane som utgangspunkt pådra seg misleghaldsansvar dersom dei let vere å oppfylle.³⁵

Misleghaldsansvar må truleg vere mest aktuelt der forsikringsplikta og risikoene ligg hos forskjellige partar. Er den same parten pålagd både risiko og forsikringsplikt, vil det først og fremst gå ut over han sjølv dersom han ikkje har teikna forsikring. Manglande forsikring vil imidlertid også kunne få konsekvensar for den andre parten i kontraktsforholdet, til dømes dersom han etter kontrakten skal vere medforsikra. Misleghaldsansvar kan dermed også bli aktuelt i desse tilfella.

Konsekvensane av misleghaldt forsikringsplikt blir ulike ettersom om spørsmålet oppstår før eller etter at forsikringstilfellet har inntruffe. Før skaden har skjedd, vil den manglande forsikringsteikninga berre utgjere eit auka risikomoment for den som har ansvaret. Er det selskapet som ikkje har teikna byggerisikoforsikring, kan leverandøren

³⁵ Hov s. 38

då til dømes nekte å utføre arbeid før forholdet er ordna. Har entreprenøren under NS 3430 ikkje teikna prosjektforsikring, kan byggherren tilsvarande nekte å betale før forsikringa er på plass. Desse rettane følgjer av den gjensidigkeitstanken som ligg til grunn i kontraktsforhold. Partane kan halde tilbake sin eigen ytelse for å sikre at den andre parten oppfyller sine plikter.

Har forsikringstilfellet først inntruffe, blir spørsmålet straks meir komplisert. Der forsikringsplikta og risikoen ligg hos same parten slik som under NS 3430, blir denne sittande med tapet. Dette i seg sjølv gir ikkje grunnlag for misleghaldssanksjonar, men i den grad konsekvensane av den manglande dekninga går ut over den andre parten i kontraktsforholdet, må denne parten likevel kunne påberope seg slike sanksjonar.

Der forsikringsplikta ligg hos ein part og risikoen hos den andre, blir spørsmålet om misligholdt forsikringsplikt fører til at mislighaldaren må dekke tapet ved skade på kontraktsgjenstanden, sjølv om han i utgangspunktet ikkje hadde risikoen for tingen. Har selskapet unnlatt å teikne byggerisikoforsikring etter NF 92 og kontraktsgjenstanden går tapt, blir spørsmålet om det er leverandøren eller selskapet som må dekke tapet. Fordi leverandøren er pålagd risikoen for kontraktsgjenstanden fram til levering, er utgangspunktet at han må bere tapet når kontraktsgjenstanden blir øydelagd. Leverandøren ville imidlertid ikkje blitt sittande med tapet dersom selskapet hadde oppfylt si forsikringsplikt, og dette tilseier at leverandøren må kunne kreve erstatning for sitt økonomiske tap som følge av misleghaldet, nærmere bestemt for tapet som følge av unnlatt forsikringsteikning i samsvar med kontrakten.

Vedkommende part må med andre ord kunne kreve å bli stilt økonomisk i same stilling som om kontrakten var rett oppfylt. Erstatning utmålt på denne måten blir gjerne kalla den *positive kontraktinteressen* eller oppfyllelsesinteressen (i motsetning til erstatning for den *negative kontraktsinteresen* der vedkomande ved bortfall av avtalar økonomisk skal stillast som om avtale *ikkje* var inngått).

Reglane om den positive kontraktinteressen er vel eigentleg eit utslag av det heilt grunnleggande prinsippet i kontraktsretten om at *avtalar er rettsleg bindande*. Dette

inneber at avtalen kan handhevast ved hjelp av rettsapparatet enten i form av direkte oppfylling, erstatning for oppfyllesesinteressen eller på annan måte.

Eit eige spørsmål kan vere korvidt misleghald av avtalt forsikringsplikt likevel ikkje gir rett til erstatning for den positive kontraktsinteresse ut frå det synspunkt at det her ”berre” er ei ”biplikt” som blir misleghalde. Det blir allereie i utgangspunktet problematisk å uttale generelt at misleghald av denne typen er ”lite” eller ”vesentleg”; vurderinga av spørsmålet vil avhenge av dei konkrete omstenda i det enkelte tilfellet. Det klare utgangspunktet må vere at avtalebrot på dette punktet representerer misleghald som gir grunnlag for erstatning for påført økonomisk tap.

Gjennomgangen ovanfor forutset at avtalt forsikringsplikt *er* misleghalde, og eit spørsmål blir i kva grad problemstillinga har aktualitet i praksis. Det er vel for det første grunn til å anta at partane i det store fleirtal av tilfeller teiknar dei forsikringar dei er forplikta til gjennom avtalen. Det kan i denne samanheng også visast til NF 92 som, i tillegg til detaljerte bestemmelser om framlegging av forsikringsbevis m.m., inneheld ein eigen bestemmelse (jf. 31.3, siste ledd) som gir ”den andre parten” rett til å teikne dei forsikringar som måtte mangle, og kreve utgiftene dekka av den som har unnlatt dette. Også NS 3430 inneheld bestemmelser om framlegging av forikringsbevis, men derimot ikkje tilsvarande særbestemmelse som nemnt ovanfor.

Det er nok heller ikkje upraktisk at det i fleire av dei tilfella der forsikring ikkje er teikna, likevel ikkje ligg føre misleghald, idet unnlatinga vil bli rekna som akseptert og avtalt. Kva om ein part i ein fabrikasjonskontrakt blir meddelt at den andre ikkje vil teikne avtalt forsikring, og vedkomande i denne situasjonen verken teiknar forsikring etter bestemmelsane i NF 31.3, siste ledd eller foretek seg noko anna. I slike tilfeller vil ein nok etter omstenda kunne kome til at unnlatinga er akseptert.

Det er truleg grunn til å anta at problemstillinga vil vere mindre aktuell mellom vanlege aktørar i fabrikasjonskontraktar, og også mellom større, profesjonelle partar i entreprisekontraktar. Spørsmålet vil nok først og fremst vere praktisk i mindre entrepriseforhold der partane ”gløymer” å teikne forsikringar i samsvar med avtalen.

6 Samanhengen mellom forsikringsplikt og risiko og ansvar i dei ulike standardkontraktane

6.1 Innleiing

Som eg ved fleire høve har vore inne på, ligg mykje av bakgrunnen for forsikringsreguleringane i den ansvarsfordelinga kontraktane legg opp til. Sambandet mellom ansvars- og forsikringsreguleringane er mest gjennomført i fabrikasjonskontraktane, men viser seg også i dei landbaserte entreprisekontraktane.

Eit særtrekk ved petroleumskontraktane er at forsikringsplikt og ansvar heng tett saman, og er føresetnader for kvarandre. Det har vore eit mål ved utarbeidinga av NF 92 å samordne forsikringsdekninga og ansvarsreguleringa, også på den måten gjere systemet mest mogeleg rasjonelt.³⁶

Når det gjeld personskadar og skadar på andre ting enn kontraktsgjenstanden som rammar innanfor risikosonene til partane, er ansvarsreguleringa i NF 92 bygd på knock for knock-prinsippet. Prinsippet inneber i hovudsak at alt tap skal bli hos den parten det rammar. Reguleringa skil seg frå det tradisjonelle erstatningssystemet ved at ansvaret blir plassert etter objektive kriterier, noko som gjer fordelinga langt mindre komplisert enn om ein må ta stilling til faktorar som skuld og årsakssamanheng m.m. Ansvarsreguleringa i NF 92 er også særprega ved at den er fullstendig idet den regulerer fordelinga av alle tap kontraktsforholdet kan tenkast å føre med seg, også plassering av tap som rammar tredjemann.

For at ansvarsfordelinga skal bli slik partane har avtalt, er det ein føresetnad at kvar part har økonomisk evne til å dekke sin del av ansvaret. Kontraktsreguleringa av forsikringsplikta bidrar til ansvarsfordelinga verkar slik partane har tilskitta; forsikringsreguleringa gjer partane i stand til å dekke sitt ansvar under kontrakta. Dersom ein snur litt på dette, er imidlertid også ansvarsfordelinga ein føresetnad for å

³⁶ Kaasen s. 660

kunne oppnå optimalt kostnadseffektive forsikringsordningar. Når ansvaret på denne måten er klart fordelt, er det enklare å skaffe forsikringar som dekker akkurat det dei skal. Partane treng dermed ikkje å teikne forsikring for dei same gjenstandane, og ein unngår såleis dobbelforsikring. Ansvars- og forsikringsreguleringa i NF 92 kan altså seiast å stå i eit gjensidig avhengighetsforhold til kvarandre.

NS 3430 har ikkje noko uttømmande ansvarsregulering tilsvarande den vi finn i NF 92. I den grad kontrakten regulerer ansvarsfordelinga, er det langt på veg samsvar mellom forsikringsplikt og ansvarsfordeling. Ansvars- og forsikringsreguleringa i NS 3430 er imidlertid ikkje som i NF 92 utforma som ein heilskap; i entreprisestandarden er samsvaret gjennomført berre på enkelte punkt. Dette gjer at ansvaret nokre stadar rekk lenger enn forsikringsplikta. Det at kvar einskild entreprenør etter kontrakta skal ta ut eigne forsikringar, gjer det også umogeleg å unngå dobbeldekningar.

Det er også hevd å vere i svakheit ved NS 3430 at den på visse punkt stiller krav til forsikringsdekning som kanskje ikkje let seg oppfylle i forsikringsmarknaden.³⁷ Av denne grunn kan det tenkast at kontraktskrava til forsikringsdekning må tolkast innskrenkande.

For å illustrere sambandet mellom ansvars- og forsikringsreguleringa vil eg kort skissere ansvarssistema i dei to kontraktane, for så å sjå korleis dette heng saman med forsikringsplikta.

6.2 Samanhengen mellom risiko- og ansvarsfordeling og forsikringsplikt i NF 92

6.2.1 Tap av eller skade på kontraktsgjenstanden før levering

Ansvarsfordelinga mellom partane i NF 92 er slått fast i artiklane 29 og 30. Art. 29 omfattar det tilfelle at kontraktsgjenstanden går tapt eller vert skada i tida frå arbeidet

³⁷ Barbo s. 35

tok til og fram til leveringsprotokoll vert eller skulle vorte oppretta. Art 29.1 pålegg leverandøren å gjennomføre ”nødvendige tiltak” for å sikre at kontraktsarbeidet blir fullført ”i henhold til kontrakten”. Dette inneber både ei plikt til å utbetre feila, og til å sette i verk tiltak for å halde framdriftsplanen. Denne plikta er svært vidtrekkande, sjølv om det truleg finst visse grenser for kor langt leverandøren er pliktig til å strekke seg for å oppfylle kontraktsmessig.³⁸

Art 29.2 fordeler kostnadane ved utbedrings- og forseringstiltaka, og utgangspunktet er at leverandøren sjølv skal dekke desse utgiftene. Sjølv om dette er den formelle hovudregelen, oppstiller 2. ledd ei viktig grense for ansvaret til leverandøren som medfører at selskapet i praksis ofte vil måtte dekke størsteparten av kostnadane. Ansvaret til leverandøren er begrensa til 100.000 kr (eller eventuelt til eigenandelen under dei relevante forsikringane til selskapet, dersom denne er lavare), dersom at ein av tre føresetnader er oppfylt:

- a) Selskapet si forsikring faktisk dekker det konkrete tapet eller skaden,
- b) Forhold på selskapet si side gjer at forsikringa ikkje dekker i det konkrete tilfellet, eller
- c) Tapet kan førast tilbake til ansvarsbetingande forhold frå selskapsgruppa.

Forsikringsdekninga til selskapet er altså av avgjerande betydning for plasseringa av det økonomiske ansvaret for utbedringar før levering etter art 29.2. Dersom byggerisikoforsikringa dekker tapet, er leverandøren sitt ansvar automatisk begrensa. Dersom byggerisikoforsikring ikkje dekker i det konkrete tilfellet, blir leverandøren sittande med dei fulle kostnadane, med mindre det er forhold hos selskapet som gjer at forsikringa ikkje dekker. Har selskapet framkalla tapet ved klanderverdig opptreden, trer ansvarsbegrensninga inn uavhengig av om forsikringsdekning foreligg, jf art 29.2 (c). Dette punktet representerer eit brot med resten av kontrakten, der utgangspunktet er at skuldforhold ikkje skal ha noko å seie for ansvarsfordelinga.³⁹ Det kan tenkast at selskapet ikkje har teikna byggersikoforsikring eller at teikna forsikring ikkje tilfredsstiller kontraktskrava. I slike tilfeller har selskapet gjort seg skuldig i

³⁸ Kaasen s. 214 - 218

³⁹ Kaasen s. 674

kontraktsbrot, og ein kan då spørre kva konsekvensar dette vil få for leverandøren sitt ansvar for utbetringskostnader. Eg viser her til drøftinga under punkt 5.

Leverandøren slepp i praksis å betale store delar av utbedringskostnadane, sidan byggerisikoforsikringa oftast vil dekke dette.

Leverandøren vil, ut frå si plikt til kontraktsmessig oppfylling, i visse tilfelle vere forplikta til å akselerere arbeidet. Eit praktisk viktig spørsmål i forhold til art 29.2 vil dermed bli om byggerisikoforsikringa også dekker akselarasjonskonstnader i samband med utbetingar, eller om den berre dekker sjølve utbetringsarbeidet. Dersom ein legg til grunn at akselarasjonskostnader i alle fall delvis vil vere udekka under ei byggerisikoforsikring, kan konsekvensen bli alvorleg for leverandøren. Så sant selskapet ikkje er å bebreide for tapet, må leverandøren då sjølv dekke desse kostnadene. Dette illustrerer korleis forsikringsdekninga kan få stor betydning for ansvarsfordelinga.

6.2.2 Knock for knock – tapet blir der det rammer

NF 92 art. 30.1, 30.2 og 30.3 fordeler ansvaret for alle person- og tingsskadar som kan tenkast å oppstå i fabrikasjonsforholdet, og utgjer samla det ein kallar knock for knock-prinsippet, jf. ovanfor. Prinsippet er gjennomført ved at partane for det første er blitt einige om at dei ikkje skal reise krav mot kvarandre, og for det andre at dei skal halde kvarandre skadeslause der dei etter alminnelege erstatningsreglar kunne reise krav mot kvarandre. For det tredje har partane blitt einige om ikkje å kreve regress frå kvarandre.⁴⁰

Art. 30.1.og 30.2 regulerer situasjonen der partane eller nokon i deira risikosone får skada sine personar eller ting. Partane er då i utgangspunktet sjølve ansvarlege for å bere alt tap som rammar innanfor deira risikosone. Dette gjeld både personskade og tap av liv innanfor parten si gruppe, og tap og skade på eigedom som tilhøyrer denne

⁴⁰ Bull, Tredjemannsdekninger s. 346-347

gruppa. Når partane gjennom denne reguleringa dekker sitt eige tap, blir følgen at ein i langt mindre grad får bruk for ansvarforsikringar. Dette er ein rasjonaliserande faktor som gjer forsikringsdekninga billigare.

Som vist i forrige punkt er kontraktsgjenstanden underlagt særregulering i art. 29, som kan sjåast som ein modifikasjon av knock for knock-reguleringa i art. 30.1 og 30.2. Ei anna særregulering finn vi i art 30.3, der partane har delt mellom seg ansvar for skadar på tredjemann sine personar eller ting. Det formelle utgangspunktet i bestemmelsen er at leverandøren er ansvarleg for slike krav. På same måte som i art. 29 blir dette utgangspunktet kraftig modifisert gjennom ansvarsgrensene; leverandøren sitt ansvar går som hovudregel opp til 2 millionar kroner for kvar ulykkeshending. I den grad tredjemannskrava overstig denne grensa, blir selskapet ansvarleg for resten.

Ansvarsreguleringa på dette punktet er gjenspeila i forsikringsreguleringa i art. 31.1 (c) og 31.2 (c), som fordeler forsikringsplikta etter det same beløpet.

6.3 Samanhengen mellom risiko- og ansvarsfordeling og forsikringsplikt i NS 3430

Pkt. 15.1 slår fast hovudregelen som er at entreprenøren har risikoen for skade på kontraktsgjenstanden og materialar fram til overtakinga. Forsikringsplikta følgjer risikofordelinga for desse tinga. Entreprenøren skal etter pkt. 14.1 sørge for tingsskadeforsikring av dei aktuelle gjenstandane fram til overtakingstidspunktet. Det er på mange måtar både praktisk og naturleg å la forsikringsplikta ligge hos den som har risikoen. Denne parten vil då ha ei betydeleg eigeninteresse i å sørge for tilstrekkeleg forsikringsdekning. At forsikringsplikta ligg på den parten som har risikoen for tingen, er imidlertid verken sjølv sagt eller nødvendig.⁴¹ Under NF 92 ligg forsikringsplikta som kjent hos selskapet, sjølv om leverandøren har risikoen i byggeperioden.

Pkt. 15.2 inneheld eit unntak frå hovudregelen om at entreprenøren har risikoen. I følge denne går risikoen over på byggherren dersom visse ekstraordinære og upåreknelege

⁴¹ Barbo s. 19-22

omstende intreff. Som døme på slike ekstraordinære situasjonar som gir grunnlag for risikoovergang er nemnt krig, opprør og naturkatastrofer. Sjølv om ei tolking av ordlyden på dette punkt gjer det klart at det skal mykje til før unntaket kjem til anvendelse⁴², vil det i praksis kunne oppstå situasjonar som fører til at risikoen går over på byggherren. Sjølv om forsikringsplikta og risikoen i desse tilfella ligg på ulike hender, valdar dette i seg sjølv ingen problem i forhold til forsikringsdekninga.

Byggherren skal etter pkt 14.1 ha stilling som medforsikra under prosjektforsikringa, og vil såleis vere dekka under denne. Problemet i dei tilfella risikoen går over på byggherren, er imidlertid at prosjektforsikringa ofte ikkje dekker mot slike ekstraordinære forhold, slik at byggherren sjølv må bere tapet.⁴³ Dette kan naturleg nok få alvorlege følgjer for byggherren.

Pkt. 33 i NS 3430 regulerer forholdet mellom kontraktspartane ved skade på byggherrens eller entreprenørens person, tilsette hos partane eller på ting som ikkje er omfatta av kontrakten. Entreprenøren og byggherren er ved slike skadar ansvarlege overfor kvarandre etter alminnelege erstatningsrettslege reglar. Sjølv om bestemmelsen formelt gjeld for begge partane, er det absolutt mest praktisk at entreprenøren pådreg seg slikt erstatningsansvar, sidan det i all hovudsak er hans folk som oppheld seg på byggeplassen og som utfører arbeidet. Byggherren har i visse tilfelle folk på byggeplassen som kan tenkast å valde skade, men dette er ikkje særleg praktisk. Pkt.33 er derfor reelt sett ei einsidig regulering av entreprenøren sitt erstatningsansvar overfor byggherren.

Ansvarsreguleringa i NS 3430 skil seg frå NF 92 ved at den baserer seg på alminneleg erstatningsrett. NF 92 bestemmer, som nemnt, gjennom knock for knock-reguleringa at tap som følgjer av skadar på personar eller ting innanfor partane sine risikosoner, blir der dei rammar.

I følgje pkt. 14.2 i NS 3430 er entreprenøren pliktig til å teikne ansvarsforsikring som skal dekke erstatningsansvar for skadar han og hans underentreprenørar kan påføre

⁴² At unntaket er snevert kjem også klart fram i kommentarutgåva til NS 3430, sjå Kolrud s. 134.

⁴³ Sjå punkt 2.4.1

byggherren eller tredjemann. Forsikringsplikta samsvarar såleis med den delen av pkt. 33 som pålegg entreprenøren erstatningsansvar, og som altså er den mest praktiske.

Byggherren har til samanlikning inga kontraktsmessig plikt til å teikne forsikring for det tilfellet at han blir erstatningsansvarleg etter art. 33. Heller ikkje er han sikra noko vern under ansvarsforsikringa til entreprenøren. For byggherren sitt erstatningsansvar etter art. 33, har NS 3430 ikkje noko tilsvarende forsikringsregulering.

Byggherren vil imidlertid vere forplikta etter yrkesskadeforsikringslova til å forsikre sine eigne arbeidstakrar. Bortsett frå dette vil byggherren ikkje vere dekka av noko ansvarsforsikring, med mindre han har valt å teikne slik forsikring frivillig.

Den manglande samanhengen mellom ansvar og forsikringsregulering, kan gjere at ansvarsreguleringa i NS 3430 blir forstyrra. Sjølv om byggherren er ansvarleg for eit krav etter kontrakta, kan skadelidte ofte velje om han vil rette erstatningskravet sitt mot byggherren eller entreprenøren. Er byggherren ”blakk” og manglar ansvarsforsikring, vil tredjemann rette sitt krav mot entreprenøren. Utsiktene for entreprenøren til å få kravet sitt dekka i regressomgangen vil då vere små.

6.4 Vurdering

Under både NF 92 og NS 3430 har forsikringsreguleringane samanheng med ansvars- og risikofordeling. Det naturlege og tradisjonelle utgangspunktet er at parten som har risikoen for ein ting, også må sørge for forsikring. Dersom han ikkje har forsikring, vil dette først og fremst gå ut over han sjølv, ved at han må dekke tapet ved ein eventuell skade. Denne tanken ser ut til å vere følgt ved utarbeidingsa av forsikringsreguleringa i NS 3430. Både risikoen og forsikringsplikta ligg her hos entreprenøren.

I NF 92 er eit heilt anna system brukt. Denne kontrakta legg forsikringsplikta på byggherresida sjølv om leverandøren har risikoen for kontraktsgjenstanden. NF 92 legg opp til at selskapet skal teikne ei omfatande forsikring som dekker heile fabrikasjonsforholdet, og ikkje berre den enkelte kontrakt. At forsikringsplikta ligg på

selskapet, gjer det lettare å samordne forsikrings- og ansvarsreguleringa i kontrakta. Ei stor forsikring samla på ei hand gir betre oversikt enn mange småforsikringar. Forsikringstakaren får i større grad hove til å sette seg inn i forsikringsbehovet, og dermed sørge for at dette blir dekka fullt ut. Oversikta som følgjer av ei samla forsikringsdekning gjer det også lettare å unngå at den same risikoen er dekka fleire gongar (dobbelforsikring). Ordninga iNF 92 gjer altså at partane unngår ”hol” i forsikringsdekninga, samtidig som dei unngår unødvendige ekstrakostnader ved dobbeltforsikring.

Samanhengen mellom ansvarsfordeling og forsikringsplikt er, som eg har vore inne på, mykje meir gjennomført i NF 92 enn i NS 3430. Under utarbeidninga av fabrikasjonsstandarden var meinenga at reguleringa av risiko/ansvar og forsikring skulle utformast som ein heilskap. At partane i stor grad har lukkast med å få til denne heilskapen, kjem nok mykje av at dei nettopp har samla forsikringsplikta hos selskapet.

Når forsikringsreguleringsystemet i NF 92 medfører betydelege fordelar for prosjektet som heilskap, er det verdt å stille spørsmål om kvifor NS 3430 ikkje gjer bruk av eit tilsvarande system. Slik entreprisestandarden er i dag, legg den opp til at kvar enkelt entreprenør under byggherren skal teikne prosjektforsikring. I store prosjekt med mange ulike entreprenørar seier det seg sjølv at dette kan bli komplisert og føre til usikkerheit og grensespørsmål med omsyn til kva som er dekka under dei ulike forsikringane.

Grunnen til at systemet med samla forsikringsplikt på byggherren ikkje er brukt i entreprisestandarden, kan rett og slett ligge i at partane, og då særleg byggherresida, ikkje er klare for å lausrive seg frå den tradisjonelle ordninga. Det verkar mest naturleg å la forsikringsplikta følgje risikoen. Å la forsikringsplikta ligge på entreprenøren kan umiddelbart verke som ei svært god løysing for byggherren, sidan han i første omgang slepp å betale forsikringspremie. Dette er imidlertid truleg eit mindre viktig argument, fordi utgiftene til forsikringspremie uansett vil måtte dekkast av byggherren, enten i form av forsikringspremie eller som del av kontraktssummen. Sidan han i praksis uansett må bere forsikringskostnadane, ville byggherren truleg i mange tilfelle vere tent med at han sjølv hadde heile forsikringsplikta. Det blir om dette vist til drøftinga under punkt 2.3.

Det kan imidlertid også vere meir gjennomtenkte vurderingar som ligg til grunn for at forsikringsreguleringa i entreprisestandarden ikkje er lik den i NF 92. Løysinga i fabrikasjonskontrakta er basert på store og komplekse kontraktsforhold med mange leverandørar og underleverandørar, og eit solid selskap på toppen. Systemet NF 92 legg opp til, må klart seiast å vere ei rasjonell løysing for slike forhold. Om løysinga ville gjere seg like godt under NS 3430, er eit heilt anna spørsmål.

NS 3430 er, som eg var inne på innleiingsvis, berekna på byggeprosjekt av alle slags storleikar. Dei store entrepriseprosjekta med mange involverte entreprenørar, vil ha mange fellestrekks med offshoreprosjekt. Her hadde det antageleg vore hensiktsmessig å ha ei løysing tilsvarande den i NF 92. NS 3430 vil imidlertid også gjelde for små bygge- og anleggsarbeid, som til dømes bygging av eit vanleg bustadhús. Dette er forhold av ein heilt annan og enklare karakter enn det som er regulert under NF 92, og hensyna bak forsikringsreguleringa i kontrakta gjer seg dermed ikkje gjeldande på same måten.

Rasjonaliseringsgevinsten ved å ha ei samla byggeriskoforsikring vil vere langt mindre ved små byggeprosjekt enn ved store. Dersom byggherren berre har ein eller to entreprenørar under seg, vil ein ha god nok oversikt over forsikringssituasjonen utan å samle forsikringsplikta hos byggherren. For slike tilfeller er den eksisterande forsikringsreguleringa i NS 3430 kanskje den mest hensiktsmessige. I små prosjekt vil også byggherren ofte vere eit mindre foretak. Systemet med å samle forsikringsplikta på byggherren vil vere relativt kostbart og komplisert for denne parten. Tatt i betraktning at gevinsten ved ei slik løysing er liten, er det liten grunn til å ønske ei tilsvarande ordning som den i NF 92 for små byggeprosjekt.

Konklusjonen må bli at NF 92 har eit forsikringssystem som er svært tenleg på sitt område. Truleg hadde ei tilsvarande ordning vore å foretrekke også i store landentrepriseprosjekt. NS 3430 er imidlertid ei standardkontrakt for entrepriseprosjekt av alle storleikar. Ei teneleg løysing kunne kanskje vere å erstatte den noverande forsikringsordninga i NS 3430 med to nye forsikringsreguleringar, tilpassa henholdsvis store og små entrepriser, og la partane velje den løysinga som passar best i det konkrete

tilfellet. Eg kjenner ikkje til om denne eller liknande løysingar har vore vurdert under arbeidet med den nye entreprisestandarden.

Står valet mellom å behalde løysinga i NS 3430 eller å innføre ei løysing tilsvarende den i NF 92 for heile entrepriseområdet, er det imidlertid på bakgrunn argumenta ovanfor, truleg mest hensiktsmessig å behalde den eksisterande løysinga i entreprisestandarden.

7 Litteraturliste

| | |
|------------------------------|--|
| Barbo | Norsk Forsikringsjuridisk Forenings Publikasjoner, Nr. 70. Jan Einar Barbo. Entrprisekontrakter og forsikring. |
| Barbo, Kontraktsomlegging | Jan Einar Barbo. Kontraktsomlegging i entrepriseforhold. Oslo 1997. |
| Bull, Tredjemannsdekninger | Hans Jacob Bull. Tredjemannsdekninger i forsikringsforhold. Oslo, 1988. |
| Bull, Forsikringsrett | Hans Jacob Bull. Innføring i forsikringsrett. 7. utg. Oslo 2000. |
| Hov, Avtalebrudd | Jo Hov. Avtalebrudd og partsskifte. Oslo 1997. |
| Hov, Avtaleslutning | Jo Hov. Avtaleslutning og Ugyldighet. Oslo 1998. |
| Kaasen | Knut Kaasen. Kommentar til NF 92. 3.utg. Oslo 1999. |
| Kolrud | Helge Jakob Kolrud [m. fl.]. Kommentar til NS 3430. Oslo 1992. |
| Mestad | Ola Mestad. Om force Majeure og risikofordeling i kontrakt. Oslo 1991. |
| Selmer | Knut S. Selmer. Forsikringsrett. 2.utg. 1982. |

Olje og Gass i Norden nr. 4,
Offshoreforsikringer i byggeperioden.

Forsikningsvilkår:

Gullfaks-Vilkåra

London Off-Shore Construction Contracts 2-85

IF, Prosjekt- og montasjeforsikring, PRO1-6

IF, Ansvar for bygge- og anleggsbransjen, ABA1-3